

Martine Røys Nesbakk

# Borns medskaping, deltaking og eigarskap i møte med kunstnariske strategiar

Masteroppgåve i Drama og teater

Rettleiar: Heli Aaltonen

Desember 2021



Martine Røys Nesbakk

# **Borns medskaping, deltaking og eigarskap i møte med kunstnariske strategiar**

Masteroppgåve i Drama og teater  
Rettleiar: Heli Aaltonen  
Desember 2021

Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet  
Det humanistiske fakultet  
Institutt for kunst- og medievitenskap



## Samandrag

Denne masteravhandlinga er ein praktisk-teoretisk analyse av mitt praksisbaserte forskingsprosjekt gjennomført hausten 2020. I det praktiske prosjektet undersøkte eg korleis ein kan leggje til rette for eigarskap, medskaping og deltaking hjå born i fireårsalderen gjennom den scenekunstnariske prosessen. Dette prosjektet var prosessorientert og vart avslutta med ein praktisk eksamen der eg gjennomførte eit interaktivt forløp som skulle spegle det praktiske forskingsarbeidet eg hadde gjort saman med bornegruppa gjennom hausten. Dette arbeidet vart gjort med verktøy henta frå forteljarkunst, improvisasjon, leik og *creative dramatics*.

Prosjektet vart gjennomført i ein barnehage i Trondheim. Bornegruppa besto av 18 born i fireårsalderen, fordelt på to grupper med ni born i kvar gruppe.

I denne avhandlinga ser eg på korleis borna sin medskaping, deltaking og eigarskap kom til syne gjennom dei kunstnariske strategiane eg valde i mitt praktiske prosjekt. Dette gjer eg ved å analysere det praktiske prosjektet i lys av leikedrama teorien til Faith Guss og ved hjelp av Lise Hovik og Lisa Nagel sin arbeidsmodell over interaktive dramaturgiar i scenekunst for born som analyseverktøy.



## **Abstract**

This master thesis is a practice theoretical analyse of the practice-based research project I did in the autumn of 2020. In my practice-based research project I wanted to see how one can accommodate ownership, co-creation and participation for four-year-old children through the artistic process. This project was process oriented and culminated with a practical exam where I did an interactive workshop to reflect the research done through practice with the children during the autumn. This work was done using tools from storytelling, improvisation, play and creative dramatics.

The project was done in a kindergarten in Trondheim. The group consisted of 18 four-year-old children, divided in to two groups of nine children in each group.

In this thesis I focus on how the children's co-creation, participation and ownership came in to view through the artistic strategies I chose in my project. I analyse this project in the light of Faith Guss' play-drama theory, and with Lise Hovik and Lisa Nagel's working model for interactive dramaturgies in performing arts for children as an analysing tool.





## **FORORD:**

Denne oppgåva vart til midt i ein global pandemi, med alt det medfører. Ein skal ikkje kimse av det.

Eg dediserer denne masteroppgåva til både store og små Kattugler, Spurvugler og Snøugler. Tusen takk for mange fine møter og forteljingar.

Ein stor takk til store og små ved «Skognissen barnehage» for inspirasjonen som gjorde at eg valde å prøve meg på ein master i drama og teater i utgangspunktet, og for samarbeidet undervegs i det praktiske prosjektet.

Tusen takk til verdas beste heilagjeng på Sjiraffen kultursenter, de hjelper meg til å ha trua på meg sjølv. De skal også ha takk for lån av lokale under arbeidet med det praktiske prosjektet.

Tusen hjarteleg takk til familie, vener og medstudentar for oppmuntrande ord, mykje kjærleik – både omsorg og tough love alt etter kva eg har trengt - , mat og gode tilbakemeldingar. Ingen nemnt, ingen gløymt – men de veit kven de er.

Og sist, men ikkje minst, ein stor takk til rettleiar Heli Aaltonen som har kome med gode innspel og spørsmål undervegs i arbeidet med både det praktiske prosjektet og den skriftlege oppgåva. Tusen takk for tolmod og støtte.

Martine Røys Nesbakk  
Trondheim, 30. november 2021



## **Innholdsfortegnelse**

<b>1.0</b>	<b>INNLEIING</b>	<b>7</b>
<b>1.1</b>	<b>BAKGRUNN FOR PROSJEKTET</b>	<b>7</b>
<b>1.2</b>	<b>PROBLEMSTILLING</b>	<b>7</b>
<b>1.3</b>	<b>RAMMER FOR PROSJEKTET</b>	<b>7</b>
<b>1.4</b>	<b>STRUKTUR AV OPPGÅVA</b>	<b>9</b>
<b>2.0</b>	<b>TEORETISKE PERSPEKTIV</b>	<b>9</b>
<b>2.1</b>	<b>KULTUR FOR, AV OG MED BORN</b>	<b>9</b>
<b>2.2</b>	<b>DELTAING OG MEDSKAPING</b>	<b>11</b>
<b>2.3</b>	<b>DRAMAPEDAGOGIKK</b>	<b>13</b>
<b>2.4</b>	<b>FORTEJARKUNST</b>	<b>14</b>
<b>2.5</b>	<b>LEIK</b>	<b>16</b>
<b>2.6</b>	<b>IMPROVISASJON</b>	<b>17</b>
<b>2.7</b>	<b>FASILITATOR</b>	<b>17</b>
<b>3.0</b>	<b>METODOLOGI</b>	<b>18</b>
<b>3.1</b>	<b>DET PERFORMATIVE PARADIGMET</b>	<b>18</b>
<b>3.2</b>	<b>PRACTICE AS RESEARCH – PRAKSISLEIA FORSKING</b>	<b>18</b>
<b>3.3</b>	<b>DOKUMENTASJON</b>	<b>20</b>
<b>4.0</b>	<b>ANALYSE</b>	<b>21</b>
<b>4.1</b>	<b>KORT UTGREIING OM DET PRAKTISKE ARBEIDET</b>	<b>21</b>
<b>4.2</b>	<b>HOVUDANALYSEN</b>	<b>24</b>
<b>4.2.1</b>	<b>SKATTEJAKTA</b>	<b>25</b>
<b>4.2.2</b>	<b>«Æ KAN HJÆLP DÆ Å BYGGE»</b>	<b>31</b>
<b>4.2.3</b>	<b>BÅTEN OG FISKEN</b>	<b>36</b>
<b>5.0</b>	<b>FUNN</b>	<b>44</b>
<b>6.0</b>	<b>SLUTTREFLEKSJON</b>	<b>45</b>
<b>7.0</b>	<b>LITTERATUR</b>	<b>46</b>
<b>8.0</b>	<b>VEDLEGG</b>	<b>49</b>

## 1.0 Innleiing

### 1.1 Bakgrunn for prosjektet

Bakgrunnen for mitt masterprosjekt er at eg i åra mellom 2016 og 2019 jobba som vikar, då særskilt i barnehagar rundt omkring i Trondheim. Der eg har blant anna fått nytte av min kompetanse som pedagog innan drama og teaterfaget. Dette gjeld særleg når det kjem til formidling under samlingsstunder og måltid, men også når det kjem til det å leggje til rette for, og vere ein del av, borna si fantasiverd gjennom leik.

Gjennom vårsemesteret i 2020 arbeidde eg med erstatningsemnet for Ekspertar i team, KM3600, med fokus på korleis borns medverknad kan komme til syne gjennom arbeid med forteljarkunst. Arbeidet med denne oppgåva gjorde at eg vart meir interessert i born si medverknad og medskaping, og difor ønskja å utforske nærare korleis ein kan nytte munnleg forteljarkunst og scenekunst i samband med dette. Ønskje for masterprosjektet vart dermed å utforske og skape ein soloførestilling der borna skal vere aktive medskaparar gjennom heile den kunstnariske prosessen. Tanken var at borna, på sitt vis, skulle fungere som dramaturgar i den kunstnarisk prosessen, og for det kunstnariske produktet, og at eg ville utforske ulike måtar borna kan vere aktive medskaparar på. Faith Guss viser til at born gjennom leik (play- drama) tek på seg ulike roller som ein finn innan scenekunst, då blant anna dramaturg, regissør, aktør, forteljar, scenograf og tilskodar (Guss, 2005), difor vil også leik vere noko eg vil nytte i dette prosjektet. På grunn av tid og andre rammefaktorar som eg vil komme attende til, så endra fokuset seg frå å skape ei førestilling, til å fokusere på korleis ein kan leggje til rette for born si deltaking og medskaping i estetiske møter. Målet var likevel at borna skulle vere aktive medskaparar og deltakarar, og dermed også oppleve eigarskap, i møte med den munnlege forteljarkunsten. Prosjektet gjekk frå å vere produktorientert til prosessorientert.

### 1.2 Problemstilling

Problemstillinga for det praktiske arbeidet var: ***Korleis leggje til rette for eigarskap, medskaping og deltaking hjå barnehageborn i fireårsalderen gjennom den scenekunstnariske prosessen? Born som aktive aktørar i møte med den munnlege forteljarkunsten.***

I det praktiske forskingsarbeidet nytta eg blant anna munnleg forteljarkunst, dramapedagogikk, leik og improvisasjon for å leggje til rette for at borna skulle få delta aktivt og vere medskapande i ein kunstnarisk prosess.

I denne teoretiske analysen av det praktiske arbeidet vil problemstillinga vere: ***Korleis kom borna sin medskaping og eigarskap til syne gjennom dei kunstnariske strategiane eg valde?***

### 1.3 Rammer for prosjektet

Sidan mitt masterprosjekt omhandlar barnehageborn i fireårsalderen var det naturleg at mitt forskingsarbeid har gått føre seg i barnehagen sine lokalar. Når ein skal gjennomføre denne typen prosjekt i samarbeid med ein barnehage er det mange ting ein må ta omsyn til. Blant anna er det kva dagar og tider som passar for personalet med tanke på organisering av barnehagekvardagen.

Eg har samarbeida med «Skognissen barnehage» (Vedlegg 1). Dette er ein barnehage eg har god kjennskap til gjennom å ha jobba der mykje som vikar. Det er ein relativt stor barnehage med 18 tilsette og plass til kring 72 born, fordelt på tre baser organisert etter aldersgrupper. «Skognissen barnehage» har mykje fokus på natur og friluftsliv og er organisert slik at dei eldste barnegruppene, det vil seie frå tre til seks år, rullerar på å vere ute i «Naturgruppa». Denne fungerer i prinsipp som ein utebarnehage/ friluftsbarnehage, altså at det meste av aktivitet føregår ute på barnehagen sitt uteområde, eller på tur i nærmiljøet. Det vil seie at eg også gjennomførte møter med borna utandørs. Dei to eldste barnegruppene er ute to veker kvar, medan treåringane har ei veke og som følge av denne rulleringa er det altså veker der fire- og femåringane er inne samstundes. Desse vekene valde eg å ikkje gjennomføre opplegg av omsyn til plass og organisering av borna, og nytta heller desse til teoretisk arbeid, utforsking av idear og planlegging av komande møter (Vedlegg 2).

Barnegruppa består av 18 born, men under møta har gruppa vore delt i to. Til kvar møte har borna vore i følgje med ein eller to vaksne. Desse vaksne fungerte primært som støtte for borna dersom dei skulle trenge eit fang eller trøst, men også som støtte for meg dersom det skulle oppstå situasjonar der borna treng ekstra oppfølging som eg ikkje hadde moglegheit til å gje. Eg hadde god kjennskap til barnegruppa då eg har jobba ein del med dei, men samstundes var det kome inn nokre nye born i denne gruppa som eg ikkje kjende frå før. Desse var eg oppteken av at skulle bli trygg på, og kjent med meg under dei første møta våre.

I utgangspunktet var planen å vere i barnehagen to dagar i veka, tysdagar og torsdagar, men på grunn av at DRA3191 hadde seminar på tysdagar dette semesteret vart det, i hovudsak, berre møter på torsdagar. Av omsyn av tid og organisering valde eg då å gjennomføre møta på denne måten: dei vekene borna var ute (veke 35, 36, 41, 42, 47 og 48) gjennomførte eg opplegget med eine gruppa i veke 35, 41 og 47, og med den andre gruppa påfølgande veke; 36, 42 og 48. Grunnen til dette var at møta ute vart gjort etter måltid, rundt kl.12:00, då morgonen desse vekene går til å gjere seg klare og å gå dit dei skal på tur. Dei vekene dei var inne (veke 38, 39, 44, 45 og 50) gjennomførte vi begge møta same dag, rett etter kvarandre. Desse vart gjennomført frå morgonen, rundt kl.09:00 og fann stad i barnehagen sitt kjøkken/spisesal – dette er også gjeldande for eksamen, torsdag veke 50 (Vedlegg 2). Planen har ikkje vorte følgt 100%, men dette vil eg komme attende til seinare.

Utover lokala til barnehagen har eg også hatt tilgang til, og nytta, lokala til Sjiraffen Kultursenter. Desse har eg nytta til utforsking av ulike idear og materialitetar som eg har måtte prøve ut i praksis før møta med borna. Denne utforskinga vart gjort på dagar og tidspunkt då det ikkje var nokre andre der, men har dokumentert prosessen med film, fotografi og noko logg. Nokre bilete sendte eg rundt til venner og medstudentar for å få tilbakemelding på ideen eller gjennomføringa, og justerte meg etter dei tilbakemeldingane eg fekk.

Mitt prosjekt har born som både deltakarar og målgruppe, og eg måtte difor sende ut ein invitasjon om deltaking av borna til foreldre/føresette der eg informerte om prosjektet mitt og etterspurte om samtykke til å dokumentere møta våre med film og/eller fotografi (Vedlegg 3). Dette vart godt motteke og eg fekk løyve frå nesten alle borna sine føresette i starten av prosjektet. I løpet av hausten fekk eg også løyve frå dei som først

hadde takka nei, etter deira eige ønskje. Prosjektet er også meldt inn, og godkjent av, Norsk senter for forskingsdata (Vedlegg 4)

Til første møte skulle eg bruke ein adaptasjon av eit litterært verk, Georgs magiske medisin (Dahl, 1982). I forkant av sommaren 2020 kontakta eg dei som forvaltar Roald Dahl sitt materiale og søkte om løyve og rettar til å adaptere boka til mitt prosjekt. Eg fekk lov til dette mot at materialet berre skulle nyttast munnleg i dette prosjektet, og at min adaptasjon ikkje skulle publiserast offentleg (Vedlegg 5).

Med tanke på situasjon i høve til Covid-19 hausten 2020, så måtte eg også ta omsyn til dei til ein kvar tid gjeldande tiltak i høve til smittevern (Utdanningsdirektoratet, 2020). Eit møte måtte utsetjast frå 29.10 til 03.11, då eg måtte ta ein test for luftvegssymptom og dermed halde meg heime til svaret på testen var klart (Vedlegg 2).

### **1.4 Struktur av oppgåva**

Oppgåva er delt inn i fleire deler/kapittel. Innleiinga tek føre seg bakgrunnen for oppgåva og presenterer problemstillinga, kapittel to tek føre seg dei teoretiske perspektiva som oppgåva tek føre seg og eg har nytta i det praktiske arbeidet. Kapittel tre tek føre seg metodologien som ligg i botn for det praktiske forskingsarbeidet, medan kapittel fire er sjølv analysen av dette arbeidet. I kapittel fem vil eg presentere dei funna eg har gjort i løpet av både det praktiske forskingsarbeidet og i den teoretiske analysen av dette, og avsluttar i kapittel seks med ein sluttrefleksjon.

## **2.0 Teoretiske perspektiv**

I dette kapittelet vil eg leggje fram teoretiske perspektiv som har vore viktige opp mot min praktisk-teoretiske master i drama og teater. Delar av dette kapittelet er henta frå prosjektrapporten til den praktiske delen av masteren DRA 3191. Nokre delar er også henta frå min eksamen i KM3600 «Korleis kjem born sin medverknad til syne i arbeid med forteljarkunst?», då eg skreiv om noko av den same tematikken der, og brukte denne oppgåva som noko av grunnlaget for mitt praktiske prosjekt.

### **2.1 Kultur for, av og med born**

Eg vil i dette kapittelet leggje vekt på kunst og kultur for og med born i barnehagealder, då det er denne målgruppa eg har jobba med i mitt praktiske prosjekt. I Noreg så er gjeld barnehagealder gjerne born i underkant av eitt år og opp til seks år. Dette er eit relativt stort alderspenn, og born opplev verda rundt seg på ulike vis ut i frå sin eigen alder og erfaring. Reidar Hjermann fortel at born er fødte sosiale, med eit slags medfødd program som gjer at dei søker det behagelege og forsøker å gjere slutt på det ubehagelege. Han seier også at born opplev kunst og kultur på ein annan måte enn oss vaksne fordi dei lev utan filter og tek inn kulturopplevingane utan dei mange lag som er, av oss vaksne, opparbeidd gjennom erfaring (Hjermann, 2013). Gjennom kunsten og kulturen kan ein gje born ein kommunikasjonsplattform. Kunsten og kulturen kan bli vegen til meining og mestring, men vi må vere der saman med dei. Det må verte gjort på deira premisser (Hjermann, 2013).

Når det kjem til kunst og kultur, så står det i rammeplanen for barnehagen blant anna at barnehagane skal leggje til rette for kulturmøter, og gi rom for borna sine eigne

kulturskapingar. I tillegg så skal barnehagane bidra til at borna opplev mestring og glede i sosiale og kulturelle fellesskap. Borna skal få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former, vere seg biletkunst, kunsthåndverk, dans, drama, musikk, litteratur, film, språk, arkitektur og design. Desse møta skal helst vere organisert på ein måte som opnar opp for at borna får høve til å utforske og fordjupe seg i det dei har opplevd (Utdanningsdirektoratet, 2017). Det er med andre ord eit mål at borna skal både møte eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer, og utforske og delta i kunst- og kulturopplevingar. Eit anna mal er at personalet skal motivere, og leggje til rette, for at borna får uttrykke seg gjennom ulike skapande uttrykksformer og med dette la borna også utvikle ulike varierte uttrykksformer (Utdanningsdirektoratet, 2017).

Barnekultur vert gjerne delt inn i tre bestanddelar som er kultur for, av og med born. Born både deltek og skapar kultur i samspel med andre born og med vaksne. Dei fortolkar inntrykk og skapar mening gjennom leik, som igjen kan fremje kulturskaping og kommunikasjon på tvers av kulturar (Kunnskapsdepartementet, 2011). Henriette Jæger, Marit Holm Hopperstad og Jan Ketil Torgersen går nærare inn på denne tredelinga i kapittelet *Barnekultur: kultur for, av og med barn*. Kultur for born vert gjerne kjenneteikna av at dette er dei vaksne sine kulturprosjekt for borna, det vere seg litteratur, musikk, konsertar, kunstutstillingar med meir. Dei kommenterer at denne forma fell under ein form for barnekulturformidling der det gjerne er ein kulturinstitusjon som er avsendar medan borna fungerer som publikum. Det er dei vaksne som legg premissa for det som vert formidla (Jæger, Hopperstad & Torgersen, 2016). Kultur av born kan definerast som noko som vert skapt av born saman med andre born utan innverknad av vaksne. Når det kjem til kultur av born så er det viktig å sjå på borna sin kultur som ein estetisk skapingsprosess og ikkje eit produkt (Juncker i Jæger et.al., 2016). Kultur med born er det som vert skapt i møter mellom borna og dei vaksne, der dei stiller på tilnærma like vilkår. Desse vilkåra vert aldri heilt likeverdige, då dei vaksne av natur er eldre og har meir erfaring enn borna. Til tross for dette, så får borna vere med som aktørar, premissleverandørar og produsentar. Ideelt sett så skal det fungere som eit møtepunkt som er prega av gjensidig respekt og interesse (Jæger et al., 2016).

Det er også nedfelt i Barnekonvensjonen av FN frå 1989 at born har rett til å oppleve og delta i kulturelle aktivitetar. Det skal ikkje vere ein luksus, og er nedfelt fordi ein ser at slike opplevingar har ein innverknad og verdi i seg sjølve medan borna er born (Hjermann, 2013). Her er det også naturleg å trekke inn §3 i barnehageloven som tek føre seg borna sin rett til medverknad. Her er det hovudsakleg snakk om at borna skal ha ein medverknad i sin barnehagekvardag, men det kan også vidareførast til møter med kunst og kultur (Bae, Eide, Kristoffersen & Winger, 2013). Bennyé D. Austring skriv om dette i *Det blev en sommerfugl. Inspiration til dagtilbudsbørns møde med kunst, kultur og kulturarv*. Her legg han fram korleis det er ein dobbel gevinst i å la born få oppleve kunst og kulturarv. Den eine er at gjennom sjølve opplevinga så kan borna kjenne på sterke sanslege inntrykk, som har ein eigenverdi, men som også kan inspirere til leik, forteljingar og aktivitetar i etterkant. Desse kan igjen skape glede, kunnskap og personleg danning, som igjen vil vere viktig i borna sin vidare utvikling. Det andre er at kunst, kultur og estetiske læringsprosessar, sett i gang av pedagogar, kan vere berande i born sin sosialisering og utvikling av blant anna identitet og empati (Austring, 2018). I mitt prosjekt er det borna sin anledning til medverknad i samband med forteljarkunst som har vore fokus. Med medverknad meiest det at borna vert sett på som deltakande subjekt, og at dei vaksne lyttar på ein måte som gjer at alle born kjenner at deira erfaring er gjeldande. Born sin medverknad er tett knytt saman med kultur med born

ved at ein som born og vaksne skal vere tilnærma likeverdige, og det å la born vere medverkande krev kunnskap, audmjukheit og nærvær frå dei vaksne si side (Bae et al., 2013).

## **2.2 Deltaking og medskaping**

Deltaking kan vere så mangt når det kjem til arbeid innan drama og teaterfaget. For å forklare kva eg legg i dette omgrepet i høve til mitt prosjekt, så vil eg trekke fram definisjonen Astrid Breel legg fram: «participation as a form of work where the participant contributes to or impact on the content of the performance» (Breel, 2017, s.20) For meg har brennpunktet vore at borna skal bidra på ein sånn måte at dei kjenner dei har innverknad på det som oppstår i våre møter, altså at vi skapar noko saman innanfor dei rammene eg som fasilitator legg fram. Breel kallar dette co-creation: «Co-creation describes a work with significant openings for participant to make creative or structural decisions, although a framework will already exist» (ibid, s. 34). Eg har gjennom arbeidet med prosjektet utforska ulike måtar å skape opningar der borna kan komme med både kreative og strukturelle innspel som har gitt utslag for korleis forteljinga har utvikla seg, og enda opp. Desse innspela har vore stort sett vore verbale, men det har også vore innslag av at dei har bidrege fysisk gjennom kroppen eller handlingar.

Desse opningane eg har utforska har tatt utgangspunkt i modellen Lise Hovik og Lisa Nagel utvikla i samband med forskingsprosjektet «SceSam – interaktive dramaturgier i scenekunst for barn» (figur 1).



Interaktive dramaturgier i scenekunst for barn						
Dramaturgiske former	1 Lukket dramatisk form	2 Lukket fortellende form	3 Lukket aktiviserende deltakelse	4 Åpent installasjons- eller vandreteater-konsept	5 Åpen, inviterende, dialogisk form	6 Åpen improviserende form
Barn	Stille, absorbert betraktning	Deltakelse gjennom verbale tilbud	Deltakelse gjennom speiling av sceniske handlinger	Fysisk eller scenografisk interaksjon	Dialogisk interaksjon	Medskapende deltakelse
	Innholdet spiller på barnets medskapende fantasi.	Barna blir spurt om råd eller hjelp fra scenen og bidrar med verbale innspill.	Barna blir bedt om å gjøre bevegelser eller lyder fra tilskuerplass.	Barna inviteres inn i det sceniske universet, og fyller en forutbestemt fysisk eller romlig rolle.	Barna inviteres til dialogiske innspill eller fysisk deltakelse i det sceniske universet, under utøvernes tydelige ledelse.	Barna er romlig og kroppslig involvert i medskapende handlinger. Barnas lek-kompetanser blir aktivisert.
Utøvere	Monologisk funksjon	Utvelgende funksjon	Instruerende funksjon	Dirigerende funksjon	Pedagogisk funksjon	Lyttende og improviserende funksjon
	Full kunstnerisk kontroll.  Kan lytte og merke, men ikke reagere på barns innspill.	Selektivt lyttende.  Dilemma omkring hva som skal følges opp og ikke.	Må inspirere og oppmuntre, men få dilemmaer.	Dilemma og uforutsigbarhet omkring hva som skal følges opp og ikke.	Leder og støtter barna i spillet.  Dialogisk.  Drama-pedagogisk kompetanse.	Fysisk improvisasjonskompetanse.  Risikosone i forhold til kaoserfaringer.  Drama-pedagogisk kompetanse.

Figur 1 SceSam arbeidsmodell av Lise Hovik og Lisa Nagel (2017, s.45)

Hovik og Nagel plasserer bruken av omgrepet deltaking under ein kunstdiskurs der kunstverket inviterer tilskodarane til å vere ein del av verket. Dei påpeiker at innanfor denne diskursen så handlar deltakinga om at den skal vere demokratisk og inkluderande og dermed utfordre det tradisjonelle forholdet mellom kunstnaren og tilskodaren. Dersom dette er intensjonen når ein jobbar med deltaking i arbeid med born, er det viktig at ein som utøvar er merksam på det skeive maktforholdet som allereie finnast mellom vaksen og born, og korleis ein går fram for å minske denne skeivheita. Ein må vere medviten om kva funksjon ein ønskjer at borna skal ha i det kunstnariske møtet, og når deltakinga skal gå føre seg; før, undervegs, i etterkant eller om det er ein sentral del av verket (Hovik & Nagel, 2017).

Omgrepet medskaping plasserast i den kunstpedagogiske diskursen. Medskaping er eit omgrep knytta til dei estetiske faga og viser til at borna nyttar estetiske verkemiddel til å uttrykke seg og vert sett på som kompetente utøvarar. Ein legg gjerne her vekt på at borna får delta i den skapande prosessen (Hovik & Nagel, 2017). Når eg snakkar om medskaping i mitt praktiske prosjekt, så er det ved at borna er med på den skapande prosessen ved å komme med innspel både verbalt og fysisk under våre møter. Dette vil eg sjå nærare på i analysekapittelet.

Faith Guss skriv at fysisk deltaking av born er ein sentral del av dramapedagogikken, men at det ikkje betyr at alle arbeidsmåtar innan drama opnar for gjensidig medskaping mellom borna og dei vaksne. Dersom ein skal leggje vekt på borna sine innspel, må ein velje ein arbeidsmetode som opnar opp for den type deltaking og medskaping ein ønskjer å oppnå (Guss, 2017). Dette vil eg ta føre meg i neste delkapittel.

### 2.3 Dramapedagogikk

Store norske leksikon definerer dramapedagogikk som teateraktivitetar som er tilrettelagt for undervisningssamanhengar (Store norske leksikon). Nils Braanaas gjer greie for relasjonen mellom reformpedagogikken og dramapedagogikken i *Dramapedagogisk historie og teori* (Braanaas, 2008). Eg vil her gjere greie for den retninga innan dramapedagogikk som har vore relevant for mitt praktiske prosjekt: *creative dramatics*.

*Creative dramatics* er eit omgrep som først vart brukt av Winnifred Ward kring 1930. Det var i utgangspunktet brukt som ein metode for å vitalisere litteraturundervisninga. Tanken var at dersom elevane gjekk fysisk inn og spelte ut materialet, så ville dei få ein betre forståing enn ved å berre lese og analysere verket (Braanaas, 2008). Ward la fram at *creative dramatics* inkluderte alle formar for improvisert drama, så lenge det er ein aktivitet der innhaldet vert skapt av deltakarane sjølve. Det kan ta utgangspunkt i materiale som føreligg frå før, eller det kan vere noko deltakarane improviserer fram av eigen fantasi (Braanaas, 2008). I starten vart metoden brukt både innan undervisning og innan barneteater, men etter kvart utvikla det seg eit skilje mellom måten kunststarten vart brukt på. Der barneteateret fokuserte på det kunstnariske produktet og den estetiske opplevinga til publikum, uansett om aktørane er vaksne eller born, medan *creative dramatics* fokuserte meir på borna sin personlege utvikling gjennom arbeidet med kunststarten. *Creative dramatics* skulle i større grad leggje opp til aktivitetar der alle kunne vere med, og gjennom dette ha fokus på borna sine eigne uttrykksbehov gjennom desse aktivitetane. *Creative dramatics* vart på mange måtar meir prosessorientert, det vil seie at ein legg vekt på veksten deltakarane går igjennom i løpet av den skapande prosessen (Braanaas, 2008). Braanaas siterar Geraldine B. Siks om dei ytre rammene som må vere på plass når ein skal nytte *creative dramatics*:

De fire fundamentale forutsetningene for creative dramatics som kunststart er en gruppe barn, en kvalifisert leder eller lærer, et rom som er stort nok til at barna kan bevege seg fritt omkring, og en idé man kan skape noe ut av (Siks i Braanaas, 2008, s. 62)

Alle desse fire kriterier var gjeldande for mitt praktiske prosjekt, og *creative dramatics* er relevant for mitt prosjekt då det var prosessorientert, improvisert drama med grunnlag og utgangspunkt henta både frå forteljarkunsten og borna sine egne innspel.

## 2.4 Forteljarkunst

Tradisjonen med å fortelje historier kan seiast å stamme heilt frå tidenes morgon, men her vil eg leggje vekt på dei siste tiåra. Med forteljarkunst, også gjerne omtalt som «storytelling», så snakkast det i denne ofte om ein slags profesjonalisering av den såkalla tradisjonelle, munnlege forteljartradisjonen med munnleg overlevering av historier gjennom generasjonar. Det vil seie at ein nyttar forteljinga i andre samanhengar og plattformer enn det dei tidlegare har vore knytt til (Wilson, 2006). Om ein ser på forteljarkunst i vestleg samheng, så kan det sjå ut til at forteljarkunsten fekk eit slags oppsving av popularitet rundt 1980-talet, men denne «nye» bruken av forteljarkunst kan ein sjå døme på også tidlegare. Simon Haywood viser til korleis til dømes bibliotekarar som brukte forteljarkunst i sitt virke tidleg på 1900-talet, men også lærarar og framveksten av performance-kunsten på 1970-talet påverka det som i dag reknast som moderne forteljarkunst (Heywood i Wilson, 2006). Michael Wilson viser til regissøren Peter Brook som meinte at det var ein ny form for forteljarkunst som voks fram gjennom at forteljarane hentar inspirasjon frå den tradisjonelle forteljartradisjonen og gamle historier, men no ofte skapar nye historier og arbeider i ikkje-tradisjonelle kontekstar (Wilson, 2006).

Så kven er denne profesjonelle forteljaren innan denne «nye» forma for forteljarkunst? Wilson meiner at forteljarkunsten har nokre likskapar med teateret og presenterer den moderne forteljaren som ein soloaktør som gjerne ikkje nyttar rekvisittar eller kostymer, der den vokale dynamikken er det dominerande og ein har eit demokratisk forhold til publikum. Forteljaren har også gjerne eit repertoar av historier som kan passe til ein kvar anledning eller setting (Wilson, 2006).

I norsk samheng så opplevde ein også ein slags oppsving for forteljarkunsten, då litt seinare enn i Storbritannia og USA, på slutten av 1980-talet og starten av 1990-talet. Her var det Marit Jerstad som sto i front. Ho arrangerte forteljarfestivalar her i Noreg etter besøk på britiske forteljarfestivalar, og i løpet av 1990-talet så hadde ho sørga for at munnleg forteljing vart eit eige høgskulefag (Jerstad, 2007). Jerstad meiner at denne nye interessa for forteljarkunsten stamma frå eit behov om å ta tilbake ordet, det å vere i eit rom saman med andre og lytte til historier og vere medskapande i denne prosessen (Jerstad, 2007). Hilde Eskild og Benedicte Hambro argumenterer for at forteljarkunsten ikkje hadde overlevd utan at enkelte miljø hadde halde den ved like, og at dersom ikkje historiene som tidlegare vart overlevert munnleg vart nedskrivne, så hadde dagens forteljarar hatt mindre material til sitt forteljarvirke (Eskild & Hambro, 2005).

I mitt prosjekt har eg nytta element og verktøy henta frå forteljarkunsten, så er det blant anna bruk av stemme, volum og særleg kropp. Soe Marlar Lwin viser i «Narrativity and creating in oral storytelling: Co-constructing a story with the audience» til fem hovudtypar for gestar hjå storytellers: *Mimic*; rørsler som er tett knytta til det semantiske innhaldet i språket, *metaphorical*; som *mimic*, men viser til det meir abstrakte, *propositional* viser til storleik, *dietic*, til dømes å peike, anten på noko konkret eller mot noko abstrakt/imaginært, og *beats* som rytmiske rørsler (Lwin, 2017). I mitt

arbeid opplever eg at eg har nytta meg særleg av dei fire førstnemnde, og då gjerne i samband med improvisasjon. I tillegg til dette så nytta eg element som ein kan kjenne att frå forteljarkunsten. I starten var eg det som Wilson omtalar som ein moderne forteljar, ved at eg verken brukte kostymer eller andre verkemiddel utover mi eiga stemme. Etter kvart innførte eg likevel fleire materialitetar og «rekvisittar» i møte med borna. Dette var både for å gje borna større rom for innspel, men også for å konkretisere forteljingane til ei viss grad, sjølv om det framleis kunne vere abstrakt. I hovudsak skapte borna og eg forteljingane saman, der gangen i forteljingane gjerne følgde tradisjonelle oppbyggingsmønster for forteljingar.

I boka *The Seven Basic Plots. Why we tell stories* presenterer Christopher Booker dei sju narrative kategoriane ein ofte kan dele forteljingar inn i, uavhengig om det er munnleg eller skriftleg. Desse sju kategoriane er *å nedkjempe monsteret, frå fattig til rik, quest eller oppdrag, utreise og heimreise, komedie, tragedie, og gjenfødning* (Booker, 2004). Alle desse kategoriane har ulike kjenneteikn og mange forteljingar kan ha element frå fleire kategoriar. I høve til mitt praktiske arbeid, så er det kategoriane *å nedkjempe monsteret* og *quest* som har vore dei som er mest relevante å sjå på.

Det som ofte kjenneteiknar forteljingar som hamnar i kategorien *å nedkjempe monsteret*, slik som det vert lagt fram av Booker, er at helten eller heltinna i forteljinga møter og må nedkjempe ein frykteleg og farleg personifisering av vondskap. Han legg også fram at oppbygginga av denne type forteljingar går gjennom fem steg. Det første er oppbygging og kall der monsteret vert introdusert og helten/heltinna får eit kall om å nedkjempe det, det andre er draumesteget der helten/heltinna klargjer seg til kamp, det tredje er frustrasjonsteget der kampen er i gang og det ser dårleg ut for helten/heltinna, det fjerde er marerittsteget der alt ser ut til å gå monsteret sin veg, men i siste liten snur kampen ein kjem til det siste steget der helten/heltinna på mirakuløst vis rømmer frå døden og nedkjempar monsteret, i rømming frå døden og nedkjemping av monsteretsteget (Booker, 2004).

Kategorien *quest* kjenneteiknast, i følge Booker, er at helten eller heltinna trekkast mot eit fjern og altoppslukande mål. Som i kategorien *nedkjempe monsteret* er også denne kategorien delt opp i fem steg. Det første steget er der omstenda der hovudpersonen oppheld seg er så forferdelege at den einaste løysinga er at han/ho må ut på ei lang og vanskeleg reise, og dette vert gjerne formidla gjennom eit kall. Andre steg er reisa, der hovudpersonen, og eventuelle medreisande, må reise gjennom utfordrande farvatn, terreng eller prøvelsar (som gjerne inkluderer ei reise innom underverda. Desse endar gjerne i ein mirakuløs flukt, og fører til det tredje steget som er ankomst og frustrasjon. Her har helten/heltinna målet i sikte, men må framleis gjennom endå fleire hinder. Fjerde steg er dei siste prøvelsane hovudpersonen må gjennom for å bevise at han/ho er verdig den endelege gevinsten. Femte og siste steg er når helten/heltinna har i siste prøvelse overkjemp døden og dermed når målet sitt (Booker, 2004).

Både når det kjem til *å nedkjempe monsteret* og *quest*, så er det berre element frå desse kategoriane som har vert nytta i mitt praktiske prosjekt i møte med borna. Dette vil det komme døme på i analysekapittelet.

## 2.5 Leik

Peter Slade har delt leiken inn i to typar; *projected play* og *personal play*. Det som kjenneteiknar det første er at kroppen for det meste er i ro, medan tankane og ideane vert projisert inni, på eller rundt objekt som er rundt ein. Dette kan vere sand, jord, kvistar, leikebilar, dokker eller liknande. Denne forma for leik ser ein særskilt blant dei yngste borna som enno ikkje har lært seg å gå (Slade, 1995). Ein kan også sjå denne typen leik hjå eldre born, og vaksne, men då gjerne i kombinasjon med den andre forma; *personal play*. Her brukar ein i større grad heile sitt vesen ved at ein også involverer kroppen gjennom rørsle. Slade skildrar korleis ein tek fullstendig fysisk og emosjonelt ansvar for handlinga. Sidan ordet *play* involverer mykje meir enn det norske omgrepet leik, så inkluderer *personal play* også springing, symjing, og anna aktiv sport, i tillegg til dansing og rolleleik (Slade, 1995).

Gunilla Lindqvist trekk fram likskapane mellom leiken og forteljarkunsten ved at begge kan ta føre seg det å leggje ut på ei reise der ein møter ulike prøvelsar eller farar ein må handtere og komme seg gjennom eller forbi. Ho legg også fram at denne likskapen i forteljing og forma på leiken er eit døme på korleis dei kulturelle uttrykksformene formar leiken til borna, og at ein kan sjå døme på at etter ei førestilling eller dramaforløp så vil borna ta med seg opplevingane frå dette med seg vidare inn i leiken (Lindquist, 1997).

Faith Gabrielle Guss omtalar såkalla late-som-leik for leikdrama. Dette fordi ho ser på denne type leik som eit drama som borna scenesett og diktar opp undervegs, der dei skapar spenning for seg sjølve. I tillegg er leikedrama ein fiksjon fordi borna lagar seg og opptrer i ein symbolsk verkelegheit som fungerer som eit alternativ til den verkelegheita dei opplev i det daglege (Guss, 2015). I sin leikteori ser Guss på leikedrama som ein kunstliknande prosess, ved at born gjennom å etablere og oppretthalde fiksjonsverda gjennom leiken går inn i funksjonar som har fellestrekk med dei ein kan finne innan kunstretningar som blant anna dans, teater og musikk. Guss legg fram at når born gjev uttrykk for ein rollefigur, så kan ein sjå på dei som skodespelar, dansar eller muskar – her avheng det nok på konteksten, eller når dei diktar opp og strukturerer handling undervegs i leiken så er dei både dramatikarar og dramaturgar. Borna er regissørar når dei avgjer korleis handlingar og situasjonar skal uttrykkast og utførast, og dei fungerer som scenografar og rekvisitørar når dei utformar og endrar rommet dei nyttar i leiken, og finn eller brukar gjenstandar som er nødvendige for leiken og fiksjonsverda dei er i. Når born leikar saman med andre born er dei i tillegg tilskodarar for kvarandre, gjennom å vere sanseleg mottakarar for dei andre og sine egne uttrykk. Dei må ha ei evne til å gje og ta i mot impulsar for at leiken skal kunne fungere (Guss, 2015). I analysen av mitt praktiske prosjekt, så vil eg nytte Guss når eg ser på medskaping og eigarskap hjå borna, med utgangspunkt i dei funksjonane dei får under våre møter.

I kapittelet *Lek som dramaturgisk veiviser* viser Svein Gladsø, Ellen K. Gjervan, Lise Hovik og Annabella Skagen også til likskapane mellom leiken og teater, men dei presiserer også at det som skil leiken og kunsten er at leiken ikkje vert gjort for eit publikum, eller med eit publikum i tankane. Dei trekk også fram at for born er ein tilskodar til leiken ein potensiell leikekamerat. Leiken sitt krav om deltaking gjer at born saman kan utforske og prøve ut ulike idear og fantasiar i ein situasjon der alle deltek og kjem med egne innspel som kan føre leiken vidare. Dette krev at ein også har ei vilje til å akseptere dei innspela ein får av kvarandre (Gladsø et al., 2015). Leiken kan også samanliknast med improvisasjon, då ein i leiken skapar si fantasiverd her og no, utan at

ein planlegg eller øver på førehand. Det er eit uttrykk som vert skapt i det det vert framført, og i dramaturgisk forstand kan ein seie at leiken, og improvisasjonen, har ein open dramaturgi. Ein open dramaturgi må likevel ha eit form for grunnlag eller skjelett, men ut i frå dette kan ein få innspel frå dei som deltek og ein må kontinuerleg gjere dramaturgiske val ut i frå det som nettopp har skjedd, og dei innspela ein får (Gladsø et al., 2015).

## 2.6 Improvisasjon

Improvisasjon kjenneteiknast ved at det er noko som er spontant og utan tidlegare planlegging (Store norske leksikon). Anthony Frost og Ralph Yarrow i definerer improvisasjon slik:

the skill of using bodies, space, imagination, objects and all human resources to generate or to reformulate a coherent physical expression of an idea, a situation and a character (even, perhaps, a text); to do this spontaneously, in response to the immediate stimuli of one's environment without preconceptions (Frost & Yarrow, 2016, s. xv).

Med andre ord er det noko som oppstår her og no, og ved at ein agerer og reagerer på kvarandre sine innspel eller utsegn.

Keith Johnstone har også mykje teori og erfaring når det kjem til improvisasjon. Han vektlegger at når ein jobbar med improvisasjon, så må ein vere spontan og akseptierende, noko som inneber at ein også må vere lyttande, til stade og fokusert på situasjonen ein er i (Johnstone, 1999). Samstundes som ein skal vere akseptierende, så skal ein helst ikkje ta i mot innspel som ikkje inspirerer, eller som ein kjenner at ikkje leidar nokon stad (Johnstone, 1999). Dette er noko som har utfordra meg i mitt praktiske arbeid. Sidan eg har hatt fokus på at borna skal vere deltakande og medskapande har det vore naturleg at eg ikkje har planlagt mykje meir enn eit rammeverk i forkant av møta og dermed vore open for, og akseptert innspel, frå dei. Her må ein også gjere stadige val og oppvegingar om kva ein skal akseptere, og kva ein skal gå vekk i frå, når det kjem veldig mange innspel på ein gong. Når ein nyttar improvisasjon i arbeid med munnleg forteljing kan ein nokre gonger oppleve at ein møter motstand dersom ein går i ei retning som ikkje er ønska eller venta av sitt publikum eller deltakarar. Anten må ein då gjere andre val, eller «stå på sitt» og risikere å «miste» velviljen til dei som ser på eller deltek. Dette vil eg vise døme på i analysekapittelet. I tillegg må ein gjere vurderingar når det kjem til val som kan føre til at ein mistar velviljen til nokre få opp mot val som fører til at ein mistar velviljen til alle. Dette er vurderingar og val ein må ta til ei kvar tid når ein fungerer som fasilitator.

## 2.7 Fasilitator

I arbeidet med dette prosjektet har eg inntatt ei rolle som fasilitator. Med dette meiner eg at eg den som legg til rette for og ramar inn møtet/ workshopen/ aktiviteten. Chris Johnston trekk fram mange ulike typar av fasilitatorar, og i mitt prosjekt meiner eg at eg brukar ein kombinasjon av *drama teacher* og *the actor/teacher*. Som *drama teacher* har ein moglegheit til å gå inn i ei leiarrolle der ein leier og stimulerer aktiviteten frå innsida, framfor frå sidelinja. *The drama teacher* er også prosessorientert og opnar for ein friare

og meir fantasirik interaksjon med deltakarane (Johnston, 2005). Johnston skildrar *the actor-teacher* som det beste frå to verder då den tek utgangspunkt i både pedagogikken og teateret. I frå pedagogikken har ein med seg erfaring i å leie deltakarane gjennom ulike intellektuelle utfordringar og kunne starte ein diskusjon, medan frå teateret har ein med seg det å kunne gestalte ein rolle som ein kan presentere desse utfordringane gjennom, innan ein fiksjonsverd. Som *actor-teacher* kan ein i eine augeblikket vere i rolle, og i neste vere ute av rolle og kommentere det som nettopp skjedde (Johnston, 2005).

Det er mange måtar å vere fasilitator på, men det som gjerne er felles for desse er at fasilitatoren er den som har oversikten over det som skal oppnåast og gjennomførast, og den som har valt og kontrollerer dei strategiane som er valt (Johnston, 2005). Det er mykje som fell under dette, vedkommande skal både ta vare på og utfordre deltakarane sine ved å skape ein trygg atmosfære, tilpasse aktivitetar til målgruppa, vere merksam og lese gruppa ein leier, og heile tida vere fleksibel og justere seg etter det ein ser er nødvendig for den aktuelle gruppa (Johnston, 2005). Her dreg eg nytte av at eg har bakgrunn både som pedagog og som scenekunstnar, men også av at eg kjenner til denne gruppa med born i frå før.

### **3.0 Metodologi**

I dette kapitlet plasserer eg prosjektet mitt under det performative paradigmet og gjer kort greie for praksisleia forskning. Eg vil også presentere innsamling av dokumentasjonsmateriale.

#### **3.1 Det performative paradigmet**


Brad Haseman argumenterte i 2006 for naudsynet med å opprette eit tredje forskingsparadigme for å utvikle metodar for å kunne forske gjennom kunstpraksis; det performative. Han meinte at den kvalitative og den kvantitative forskingsmetodane ikkje gav nok handlingsrom innan kunstpraktisk forskning, og at ikkje all forskning må ha eit skriftleg resultat i form av avhandlingar eller artiklar for å vere gjeldande som forskning. Samstundes kan ein innan performativ forskning også nytte verktøy som ein finn innan kvalitativ forskning, som observasjon og intervju (Haseman, 2006). Haseman definerar performativ forskning som forskning i praksis som vert uttrykt gjennom formar for symbolsk data. Med dette siktar han til materielle formar for praksis sin musikk, lyd, levande handling, stillestående og rørlege bilete, og digital kode. Ved å aktivt dokumentere prosessen gjennom kontinuerleg refleksjon og fortolking, så hjelp praksisen med å styrke validiteten i forskinga (Haseman, 2006)

#### **3.2 Practice as Research – praksisleia forskning**

Gjennom hausten 2020 undersøkte eg korleis ein kunne leggje til rette for medskaping, deltaking og eigarskap for born i fireårsalderen gjennom den scenekunstnariske prosessen. Dette gjorde eg gjennom ein praksisleia forskning, altså at eg forska og undersøkte gjennom den praksisen eg gjorde.

Å forske i kunsten inneber at ein må ta på seg fleire roller enn berre forskarrolla. I mitt tilfelle betyr det at eg har prøvd å kombinere scenekunstnaren, dramapedagogen og forskaren. I mitt praktiske forskingsarbeid så tok eg utgangspunkt i *Practice as research-*

modellen til Robert Nelson (2013) (Figur 2). Eg erstattar dei engelske omgrepa med norske: Å vite korleis (know how), vite at (know that) og vite kva (know what).



Figur 2 Modell for Praksis som forskning av Robin Nelson (Nelson, 2013, s. 37)

### 3.2.1 Å vite korleis, å vite at, å vite kva

«Å vite korleis» tek utgangspunkt i den tause kunnskapen ein har i kroppen og i hovudet, og den kan vere vanskeleg å skildre med ord, nettopp fordi den er ein del av ein sjølv. Ein kan også skildre det som intuisjon eller magekjensle. Dette omgrepet kjem frå Michael Polanyi, som definerer denne tause kunnskapen som at vi kan meir enn det vi kan uttrykke (Polanyi, 1966).

For å kunne bli medviten av denne kunnskapen i ein kunstnarisk prosess er det viktig å stadig reflektere over det ein gjer, slik at ein kan lære av det og bli klar over kvifor ein gjer som ein gjer, men også for å bli medviten om kva val ein har i andre likande situasjonar (Nelson, 2013). «Å vite korleis» for meg i samanheng med dette prosjektet er den kompetansen eg har som pedagog, både gjennom fagdidaktikk, men også gjennom praksis som pedagog i barnehage. Eg har også til ein viss grad taus kunnskap om barnehagen, lokala og rutinane, men også mange av borna med tanke på at eg tidlegare har jobba der. Eg har ikkje formell skodespelarutdanning eller -trening, men eg har likevel også opparbeidd meg kunnskap og kompetanse på dette området gjennom scenisk arbeid i både utdanningsformål, men også som aktør i andre type



sceneproduksjonar. I tillegg til denne kompetansen har eg også opparbeidd kunnskap gjennom arbeid som teaterpedagog gjennom arbeid med funksjonsnedsette i Sjiraffen kultursenter. Dette er ei anna målgruppe enn det eg har arbeidd med i det praktiske prosjektet, men det er likevel nokon likskapar med tanke på at ein i møte med begge målgrupper må vere fleksibel og løysingsorientert.

I forskingsprosjektet Scesam fann Hovik og Nagel at når ein skal jobbe med interaktivitet i scenekunst med born som målgruppe, så må ein ha både kunstnarisk kompetanse og pedagogisk kompetanse (Hovik & Hovik, 2016). Dette meiner eg kan overførast til mitt prosjekt, og at dette er kompetanse eg sitt på gjennom det eg har nemnt føregåande.

«Å vite at» viser til dei teoriane ein tillegg seg for å oppnå ny kunnskap om korleis ein kan gå fram i arbeidet, for deretter å knytte desse teoriane opp mot praksis (Nelson, 2013). I mitt arbeid med prosjektet har eg nytta narrative verktøy frå forteljarkunsten, improvisasjon, leik og dramapedagogikk knytt opp til teori som tek føre seg deltaking og medskaping. Her har eg særskilt nytta Faith Guss (2005, 2015), Lise Hovik og Lisa Nagel (2017).

«Å vite kva» er kunnskapen som oppstår når ein sett ord på og reflekterer rundt kunnskapen ein har opparbeida gjennom «å vite korleis» og «å vite at» (Nelson, 2013). For å kunne gjere dette refleksive arbeidet har eg nytta ulike formar for dokumentasjon, med vekt på loggskrivning og film og/eller foto frå møta med borna. Denne masteroppgåva er også ein viktig del av dette arbeidet, då dette er kulmineringa at dette refleksive arbeidet som er gjort i etterkant av den praktiske delen av masteren.

### **3.3 Dokumentasjon**

For å skulle kunne gjennomføre ein analyse av eit praktisk forskingsarbeid er det viktig å ha dokumentasjon av arbeidet for å kunne sjå tilbake på arbeidet som har vorte gjort. I mitt tilfelle har det hovudsakleg vore bruk av foto, film og logg. Dokumentasjonsmaterialet frå møta med borna består av 111 bilete og 15 filmar av ulik lengde. Eg valde å ikkje bruke filmkamera under møta utandørs med tanke på usikkert vêr og plassering av kamera. Eg hadde med eit eige lite digitalkamera til å ta bilete med under desse møta, men det var ikkje kvar gong det vart brukt. Til det eine møtet utandørs, 06.oktober 2020, fekk eg bileta dei vaksne i barnehagen tok under møtet. I tillegg til film- og bilettemateriale frå sjølve møta, har eg også samla dokumentasjon frå dei sesjonane eg hadde med utforsking for meg sjølv i Sjiraffen kultursenter sine lokale. Dette materialet består av 39 bilete og 4 filmar av ulik lengde.

Ei utfordring eg har støtt på når det kjem til logg er at eg ikkje har ei god rutine på å skrive refleksiv logg. Det vil seie at eg går rundt og tenkjer, reflekterer og grublar over det eg har gjort, men at eg ikkje er så god på å skrive det ned. Om eg skulle ha gjort dette på nytt, så ville eg gjerne i større grad brukt lydopptak av meg sjølv.

Sidan mitt prosjekt er med born, så måtte eg ha løyve for å kunne nytte foto og/eller film og prosjektet er meldt inn til Norsk senter for forskningsdata (Vedlegg 4). Eg utforma eit informasjonsskriv som fungerte som ein invitasjon til å delta i prosjektet mitt, som også innebar løyve til å nytte foto og film for å dokumentere dette arbeidet (Vedlegg 3).

## 4.0 Analyse

Første delkapittel er henta frå prosjektrapporten til DRA3191. Eg har valt å inkludere det her for å vise gangen og utviklinga av prosjektet gjennom hausten, før eg går nærare inn på tre utvalde møta i delkaptittel 4.2.

### 4.1 Kort utgreiing om det praktiske arbeidet

Gjennom hausten 2020 hadde eg tolv møter med borna frå 27.08 – 10.12 (dette inkluderer eksamen, som var torsdag 10.12) der eg ved hjelp av element og verktøy frå forteljarkunst, improvisasjon, leik og dramapedagogikk har sett på korleis ein kan leggje til rette for deltaking og medskaping av born i fireårsalderen. Eg har nytta modellen Nagel og Hovik utvikla over interaktive dramaturgiar i «SceSam» prosjektet og vil vise til denne i min utgreiing som følger (Sjå figur 1). Eg vil her gjere kort greie for kva desse møta inneheldt. I denne utgreiinga vil eg ha fokus på kva som var tanken bak dei ulike opplegga og korleis eg la til rette for at borna kunne vere aktive deltakarar og medskaparar. Ein meir detaljert gjennomgang av møta kan ein finne i vedlegg 6.

Som nemnt over vart desse møta gjennomført med halv gruppe, ni born, med ei veke mellomrom i ute-vekene, og på same dag i inne-vekene. Eg vil omtale gruppene som gruppe A og gruppe B. Det har vore nokre unntak der det har vorte gjennomført med fleire enn ni born, men dette vil eg komme attende til.

Dei første møta vart gjennomført utandørs 27.08 og 03.09. Utgangspunktet for desse møta var å introdusere borna for kva vi skulle gjere saman framover og i dei neste møta; at borna skulle vere aktive medskaparar i forteljinga som vart laga. Introduksjonen vart gjort gjennom ein adaptasjon av Roald Dahl boka Georgs magiske medisin (Dahl, 1982). Her la eg opp til at borna skulle delta verbalt med å komme med innspel til kva som skulle opp i medisinen, og ved at dei teikna huset til Georg gjennom kollektiv teikning (Neelands, 2000). Rolla borna har her er primært som tilskodarar, som kan komme med innspel verbalt (Nagel & Hovik, 2017, figur 1) men også som scenografar gjennom at dei skapar huset der handlinga føregår gjennom kollektiv teikning (Guss, 2005).

17.09 var første møte innandørs, og eg hadde på førehand laga ei forteljing med utgangspunkt i ein kombinasjon av *overvinne monsteret* og *quest* (Booker, 2004), der eg hadde lagt inn rom der borna skulle komme med innspel eller vere med fysisk (Vedlegg 7). Også ved dette møtet hadde borna rolle som tilskodarar, men dei fekk også rom til å vere aktørar gjennom å vere med på å hjelpe ein karakter fysisk, og eine gruppa var delaktige i å nedkjempe monsteret ved å drepe det (Guss, 2005). Felles for desse tre møta er at dei følg ein lukka narrativ form (figur 1), men med rom for innslag frå borna. Utfordringa ein her har som fasilitator er å avgjere når ein skal avslutte ein aktivitet og gå vidare til neste med tanke på tid, men også kva innspel ein skal ta imot, og kva ein eventuelt lar gå (Johnston, 2005). Eit anna fellestrekk med desse møta var at eg her la vekt på element og verktøy frå forteljarkunsten gjennom den narrative oppbygginga av historia – *overvinne monsteret/den slemme* (Booker, 2004) – og bruk av gestar, då særleg fordi eg ikkje hadde med nokon kostymer eller rekvisittar (Lwin, 2017). Her var også innspel av improvisasjon ved å implementere innspela borna kom med undervegs (Frost & Yarrow, 2016).

Neste møte inne var 24.09. Under dette møtet ville eg utforske ein meir open struktur og ta utgangspunkt i dei impulsane borna fekk av eit rom eg skapte av blått stoff. Begge gruppene meinte at dette var eit hus, og det vart skapt ulike historier om kven og kva som budde der. Borna tok på seg desse rollene og dette møtet vart dramatisk leik for begge gruppene (Guss, 2005). Dette møtet kan kategoriserast som open improvisatorisk form, og eg som fasilitator kjende på kjensla av tap av kontroll på nokre tidspunkt, der den dramatiske leiken vart noko kaotisk (figur 1). Her var borna aktive aktørar og dramaturgar gjennom at dei som styrte gangen i det som vart skapt, og levde seg inn i det (Breel, 2017). Utfordringa mi som fasilitator her er å sørge for å samle borna igjen og avslutte økta på ein måte som gjer at det ikkje vert dumt for borna. Med det meiner eg at dei ikkje skulle kjenne på at noko er uforløyst, men at det vart avrunda på ein måte som tydeleggjer at no er dette ferdig og dei kan vere nokolunde nøgde med utfallet (Vedlegg 6).

06.10 var det eit nytt møte ute. Denne veka vart møtet gjennomført på ein tysdag, då eg måtte jobbe torsdagen. Det var også haustferie denne veka, som gjorde at opplegget vart gjennomført med tolv born i staden for ni.

Til dette møtet hadde eg laga til ein forteljarboks (Sjå figur 3). Tanken bak denne var at borna skulle finne ting rundt seg i skogen, putte det opp i boksen og vi skulle lage ein historie ut i frå desse tinga. Borna kunne også komme med innspel verbalt undervegs (Breel, 2017). Eg hadde på førehand bestemt at hovudkarakteren for denne forteljinga skulle handle om Georg, ein karakter dei har møtt tidlegare. Dette møtet vil eg seie ein kombinasjon av nummer to, fem og seks i modellen til Nagel og Hovik (figur 1), då det var ein lukka narrativ form på forteljinga om å overvinne monsteret (Booker, 2004), men det vart improvisert fram til denne gjennom fysiske (ting i boksen) og verbale innspel frå borna. Borna fungerte under dette møtet som både tilskodarar, dramaturgar og aktørar (Guss, 2005) (Vedlegg 6). Min utfordring som fasilitator, og forteljar, her var å velje kva som kom med eller ikkje av innspel, då det vart overflod i forteljarboksen. I tillegg kjende eg på at det vart veldig stillesittande og det var avgrensande for måten eg fortalde på (vedlegg 6). Dette var justeringar eg gjorde til neste møtet.

Møtet 13.10 hadde same utgangspunkt som møtet veka før, men eg hadde som sagt gjort nokre justeringar. Blant anna avgrensa eg talet på ting borna kunne putte opp i boksen, til ein eller to ting kvar. Eg gjekk også rundt og samla inn hjå ein og ein, framfor at alle la opp i samstundes og hørde kva dei ville tinga skulle vere (Vedlegg 6). I tillegg til rollene som dei hadde ved førre møte, så tok dei også på seg rolla som scenografar ved at dei kom opp for å hjelpe meg med å byggje fella for monsteret (Figur 5 og 6). Eg var også meir fysisk under dette møtet, og merka at bruk av kropp og rørsle er sentralt for meg som forteljar (Lwin, 2017) (Vedlegg 6).

Til møtet tysdag 03.11, så hadde eg jobba med tanken om open og improvisatorisk form (figur 1) med utgangspunkt i rom. Denne gongen var utgangspunktet ein båt laga av stoff og eit bord. Eg hadde også med ein sydvest som markerte ein karakter: Kapteinen. For gruppe A vart dette dramatisk leik der dei var aktørar, utan eit tydleg narrativ (Vedlegg 6). For gruppe B gjorde eg som fasilitator nokre justeringar som førte til at det vart dramatisk leik med eit narrativ, då vi skulle gjennomføre eit oppdrag (Vedlegg 6). I dette møtet fungerte borna som aktørar (Guss, 2005), medan eg hovudskakeleg nytta meg av improvisasjon, med inspirasjon frå den narrative oppbygginga til *quest* (Booker, 2004).

Til møtet 05.11 hadde eg med meg tre ulike materialitetar: blått stoff klipt i mindre bitar, steinar og tørka løv. Her hadde eg med andre ord tatt med noko av naturen inn. Etter at vi hadde utforska og snakka litt rundt dei ulike materiala (Vedlegg 6), så fekk borna velje ein ting kvar som dei putta opp i boksen (slik som i møta 06.10 og 13.10), som vi så skulle lage ei historie ut i frå. For gruppe B (som starta) vart dette ein form for dramatisk leik der narrativet og leiken føregjekk nokolunde parallell (Vedlegg 6) der borna var delaktige som aktørar, dramaturgar og tilskodarar, medan i gruppe A (som var sist) vart dette ei forteljarstund der dei primært var tilskodarar, og aktørar mot slutten av historia (Vedlegg 6) (Guss, 2005). Her var det interessant å sjå at sjølv om anslaget og innleiinga til møtet er heilt likt, så blir utfallet likevel ulikt kvarandre fordi gruppene er ulike.

Dei to neste møta, 19.11 og 26.11, bar begge preg av at det vart gjort endringar i siste liten. Begge desse skulle i utgangspunktet ha same form som møtet 13.10, at vi skulle hente inspirasjon frå naturen rundt oss. I staden vart begge desse møta noko amputerte, det første på grunn av kraftig snøfall og det andre på grunn av endringar av plan same dag som møtet skulle gå føre seg (Vedlegg 2). Plutselege endringar er noko ein kan oppleve som fasilitator, så ein må kunne vere fleksibel og ta avgjersler på kort varsel (Johnston, 2005), dette gjeld særskilt når det er snakk om born og opplegg som går føre seg utandørs.

Nest siste møte var tysdag 08.12 og var det eg kalla «generalprøve». Her gjekk eg tilbake til improvisatorisk form med utgangspunkt i rom, og gjentok rommet med båt av stoff og bord. Etter erfaring frå tidlegare forsøkte eg å skape nokre narrative rammer for møtet ved å be borna om innspel til kva type båt det skulle vere, kor båten skulle reise og gje borna «roller», eller oppgåver ombord i båten, som kartlesarar, kokkar, seglheisarar, styrmann, matros og utkikk. I begge gruppene vart det, som tidlegare, dramatisk leik, men denne gongen vart det eit litt tydlegare narrativ i begge gruppene (Vedlegg 6). I begge gruppene var borna med som aktørar i den dramatiske leiken. Dei var også regissørar i den grad at dei styrte retninga leiken og narrativet utvikla seg. Denne rolla var likevel tydlegare i gruppe B. I gruppe B var det også born som valde å vere tilskodar framfor aktørar (Guss, 2005).

Siste møtet var eksamen 10.12. Også her var det lagt opp som eit møte med improvisatorisk form med utgangspunkt i rom. Denne dagen var det gruppe B som starta, og eg hadde lagt opp til at dei sjølve skulle få bygge rommet vi skulle vere i. Materiala som sto til disposisjon var eit tomt bord, stoff, skjell og steinar. Eg inviterte med andre ord borna til også å vere scenografar i tillegg til aktørar og regissørar (Guss, 2005). Borna ville gjenta det dei hadde kjennskap til og valde å gjenskape båten eg hadde laga tidlegare, men båten vart også ein motorsykkel (Vedlegg 6). Til gruppe A, som var sist, så hadde eg laga til eit nytt rom ved bruk av stoffet og bordet, men som ikkje minna om båten eg hadde laga tidlegare, for å sjå kva innspel borna ville komme med. Her vart rommet definert som ein diger fisk som nokre av borna valde å vere inni, medan andre var med på utsida og var monster som ville prøve å fange fisken for å ete den. I begge desse møta var leik og improvisasjon viktige faktorar.

## 4.2 Hovudanalysen

I denne delen av oppgåva vil eg freiste å svare på problemstillinga: **Korleis kom borna sin medskaping, deltaking og eigarskap til syne gjennom dei kunstnariske strategiane eg valde?** For å svare på dette vil eg sjå nærare på tre ulike møter. Desse utvalde møta er 17.september 2020, 13.oktober 2020 og 10.desember 2020. To av desse gjekk føre seg innandørs med heile barnegruppa, delt inn i to, medan det tredje var utandørs med berre halv gruppe. Eg vil i denne analysen sjå på kva val og strategiar eg gjorde på forkant av møtet, undervegs i møtet og korleis dette påverka det vidare arbeidet, sett i lys av medskaping, deltaking og eigarskap. Eg vil også sjå på skilnadar og likskapar mellom gruppene på innandørsmøta der begge gruppene møtte relativt like utgangspunkt. Sidan det er mykje som skjer i løpet av eitt møte, vil eg sjå på enkelte sekvensar innanfor dei tre utvalde møta. Bakgrunnen for valet av desse tre møta er at møtet 17.september vart gjort tidleg i prosjektet, 13.oktober var rundt midtvegs, medan møtet 10.desember var eksamen og dermed siste møte i mitt praktiske prosjekt. Gjennom dette utvalet kan ein sjå korleis prosjektet og prosessen i møtet med borna utvikla seg gjennom hausten 2020.

Denne delen av oppgåva tek utgangspunkt i det dokumentasjonsmaterialet eg har opparbeida gjennom haustsemesteret 2020; bilete, film og personleg logg frå møta med barnegruppa. Eg har også laga meg ein form for analysetabellar for kvar sekvens eg analyserer (VEDLEGG 8). I utgangspunktet skulle prosjektet ha eit kunstnarisk produkt til slutt; ei forteljarførestilling som mål for eksamen, men på grunn av blant anna mindre tid enn planlagt og måten prosjektet utvikla seg på, så gjekk det over til å vere meir prosessorientert. Difor er det også naturleg at dette vert ein analyse av det praktiske arbeidet gjennom hausten og korleis dette utvikla seg i møte med og i samarbeid med borna. Eg kjem som sagt til å sjå nærare på nokre utvalde sekvensar i løpet av dei tre møta eg har valt som grunnlag for analysen, då ved hjelp av utdrag frå transkripsjonar av videomateriale frå den aktuelle sekvensen eller ved hjelp av bilete og logg der videomateriale ikkje føreligg. Når eg skriv om møte/møta så meiner eg det fullstendige møtet som vart gjennomført, medan eg med sekvens meiner eit utdrag frå det overordna møtet.

Kvart møte varte i mellom 25 – 30 minutt. Dette inkluderer den tida det tok for ungane å komme på plass, hovuddelen der vi skapar ei forteljing saman og avslutning av møtet. Lengda på hovuddelen varierte frå møte til møte, då gjerne på grunn av rammer som måtte på plass før vi starta på den delen, men det kunne også vere fordi eg kunne kjenne på tap av kontroll over situasjonen og dermed såg det best å avrunde og avslutte økta. Eg jobba likevel for at vi skulle avrunde økta på ein god måte slik at det ikkje skulle kjennast uforløyst for borna som var med.

Eg vil svare på problemstillinga mi ved å sjå på desse utvalde møta ved hjelp av Guss sin leikedrama teori (2015) når det kjem til medskaping og eigarskap, medan eg også vil nytte Hovik og Nagel sin modell over interaktive dramaturgiske former frå SCESAM (2017) (figur 1) når det kjem til deltaking.

Alle namn som vert brukte i denne analysen er pseudonym for å anonymisere deltakarane. Dei einaste som vert omtalt med rette namn er rettleiar Heli Aaltonen og underteikna.

### 4.2.1 Skattejakta

Som det kjem fram i utgreiinga i kapittel 4.1, så var altså møtet 17. september 2020 det første møtet innandørs. Det gjekk føre seg i matsalen til barnehagen, der eg hadde rydda til sides to av borda for å lage til ein slags speleplats. Planen for denne dagen var at eg skulle gjennomføre eit møte med heile barnegruppa på 18 born, fordelt på to grupper med ni born i kvar gruppe. Eg kjem til å kalle desse gruppene «Gruppe A» og «Gruppe B». I følgje med begge gruppene var det med ein vaksen. Denne vaksenpersonen var tilskodar under møtet, og var der primært som støtte for borna dersom dei skulle trenge eit fang å sitte i, men også som støtte for meg dersom det skulle oppstå noko som trengte meir oppfølging enn det eg kan gje i min posisjon som fasilitator og forteljar.

På førehand hadde eg laga ei rammeforteljing der eg kombinerte to former for oppbygging av forteljing; overvinne monstret og quest (Booker, 2004). I denne rammeforteljinga la eg også inn rom for at borna skulle kunne komme med innspel verbalt, men også til å kunne delta fysisk (VEDLEGG 7).

Møte med begge gruppene starta med at eg ønskte borna velkommen og viste dei at eg hadde med eit kamera som skulle filme det vi skulle gjere saman, at dette skulle stå i fred på ein plass og at det skulle hjelpe meg å huske kva vi gjorde saman. Så presenterte eg at eg skulle fortelje dei ei historie, og at eg kom til å trenge litt hjelp frå dei undervegs. Det første eg trengte hjelp til var å finne namn på hovudkarakteren og kvar ho budde. Andre rom eg hadde lagt opp for borna sine innspel var kva som skulle pakkast i sekken før hovudkarakteren la ut på skattejakt, kva vesen dei tre hindringane skulle vere, vere med på å komme seg vidare frå hindringane og å finne skatten til slutt (VEDLEGG 7). Dei to gruppene fekk same rammeforteljing, men forteljinga vart likevel ganske annleis då gruppene hadde ulikt fokus og ulike meiningar om korleis siste utfordring skulle løysast.

Rammeforteljinga startar med at hovudfiguren finn ein flaskepost med eit brev og eit skattekart, og ho får i oppgåve å finne denne skatten då den som har sendt flaskeposten sjølv er for gammal til å leggje ut på eventyr. Sidan dette er born som er vande med å gå på tur, så inviterte eg dei til å bestemme kva hovudpersonen skulle pakke med seg i tursekken sin. Begge gruppene var her ivrige med å komme med forslag til kva som skulle opp i den, og eg vil her gjere ei nærare analyse frå «pakking av sekken» med begge grupper gjennom utdrag av transkripsjon frå dokumentasjonsmaterialet. I tillegg til dette vil eg også ta eit nærbilette av siste hindring med gruppe B, der dei tok valet om å nedkjempe monstret framfor å hjelpe det.

#### 1. Utdrag av transkripsjon

##### Gruppe A: Pakking av sekken

Martine: [...]Men før Mima kunne reise ut på skattejakt, så måtte ho jo heim til trehytta og pakke sekken sin. Det er viktig når man skal på eventyr; at man har med seg det man trenger. Så Mima tok med seg flaskeposten og brevet og kartet og gikk heim til trehytta og fant fram sekken sin. Her var sekken

(løftelyd). Så kva treng vi når vi skal på tur?

Siri: Mat!

Martine: Vi må ha mat! Så Mima gikk (Born ropar i munnen på kvarandre) inn på kjøkkenet og henta mat og drikke. Kva sa du Morten?

Morten: Og et bål!

Martine: Og et bål! Ja, ved er lurt å ha med (eit born: og eple)

Eit born: og eple

Martine: Eple. (lavt) ho tok et eple  
 Mari: (noko utydleg)  
 Martine: Hår?! (Borna ler) Var det det du sa? (Borna ler og snakkar i munnen på kvarandre) Ja? Tok med seg litt ekstra hår. Tenk at - kanskje ho kunne strikke litt med det. (borna snakkar) Ein genser! Det var lurt! (Born: sokker) og sokker  
 Henrik: Bæsj  
 (andre born seier noko)  
 Martine: Bæsj? Tok ho med seg bæsj? (born snakkar i munnen på kvarandre) Ja, men veit du kva? Bæsj kan vere lurt, kanskje vi treng bæsjen seinare? (born ropar pølse) Ja. Pølse? Ja, mat (born ropar sopp) og sopp  
 Morten: Og kjøleskap!  
 Martine: Kjøleskap? Men det trur eg kanskje blir litt tungt. Får vi plass til eit kjøleskap (viser storleik) oppi sekken?  
 Morten: Ja, et lite  
 Martine: Eit lite kjøleskap? (born snakkar i munnen på kvarandre) Men ein om gangen»  
 Oskar: Og tiss  
 Martine: Okei, Mima henta minikjøleskapet sitt.  
 [...]  
 Martine: [...] Men har vi det vi trenger i sekken no då?  
 Oskar: jaaa  
 Dei andre borna: jaaa

Martine: ja, okei (byrjar å snøre igjen den imaginære sekken)  
 Morten: Nei, vi trenger blomsterpotter og blomster!  
 Martine: Blomsterpotter og blomster?  
 Morten: ja  
 Martine: ja, ho tok med seg nokre av blomstrane sine som ho var mest redd for at ikkje skulle klare seg mens ho var på eventyr.  
 Morten: å, å, å, en telt og en sovepose  
 Martine: Telt og sovepose! Det var lurt!  
 Alise: Og pute!  
 Martine: og pute. Ho huska alt det (borna snakkar i munnen på kvarandre), putta det i sekken. Den sekken begynte å bli ganske så full  
 [...]  
 Alise: Og Minni Mus!  
 Martine: Minni Mus? Ja, det var ein Minni Mus kosebamse  
 Oskar: No sprekk den (om sekken)  
 Martine: ja, no trur eg det er like før sekken sprekk, så no er den stor og eg trur den er litt tung og (let som eg løfter den) Ja, den var litt tung, men eg trur det skal gå bra. Okei, så har Mimi Finblomst alt ho treng i sekken no?  
 Borna: ja  
 Martine: då tok ho og festa sekken og - og tok den på ryggen (utfører handlinga medan eg fortel)

## **2. Utdrag av transkripsjon**

Gruppe B: pakking av sekken  
 Martine: [...] for før man går ut på eventyr og ut på tur, så må man ha med ting i en sekk. Så Georgblaze tok med seg flaskeposten, brevet og kartet og gjekk heim til barnehagen og fant sekken sin (gjer handlingane medan eg snakkar) og skulle pakke til å gå på tur. Kva trenger man når man skal på tur?  
 Borna i munnen på kvarandre: Mat!  
 Martine: Mat. Det er lurt.  
 Born: Drikke!  
 Martine: Mat og drikke, så ho gikk på kjøkkenet og henta mat og drikke og putta i sekken.

Sofie: Kanskje kjeks?  
 Martine: Kjeks? Å, ja, litt sånn godt må man jo ha med når man skal gå på tur  
 Marte: Godteri  
 Martine: Godteri og? Ja, pakka godteri. Kva meir trenger man når man skal på tur då?  
 Mikkel: eeh, sjokolade (samstundes)  
 Martine: Sara?  
 Sara: Sjokolade  
 Martine: Sjokolade putta ho oppi  
 Anna: Sjokolade  
 Martine: Men viss det blir kaldt då?  
 Sofie: Teppe!  
 Sara: Jakke

Martine: Teppe og jakke. Det er lurt  
Mikkel: Og Kakao  
Martine: Kakao, ja ho laga seg litt kakao  
og putta på en termos  
[...]  
Sabrina: Og så salat!  
Martine: Salat. Ja, viktig å ha litt (eit  
born: agurk) grønt og.  
Martine: Agurk  
Flaire born: Agurk. Tomat  
Martine: Tomat  
Born: paprika  
Martine: Paprika. Ja ho tok å blanda alt  
og lagde en stor sånn salat med masse  
grønnsaker og masse godt og putta det  
opp i sekken sin  
Born: Ja  
Martine: Hmm, tenk – tenk om eg må  
overnatte ute, kva treng eg då?  
Sofie: eeeh, telt (fleire born følger opp  
med telt)  
Martine: telt

Sofie: Og sovepose  
Martine: telt og sovepose tok ho og  
(viser med kroppen at eg pakkar  
sekken) og der og sånn  
Sofie: og puta!  
Martine: og pute kan vere lurt  
Mikkel: og sånn som at ikke teltet ramle  
Martine: Ja, teltstenger er viktig å ha  
med og  
[...]  
Martine: Okei, begynner vi å bli klar for å  
gå på tur då?  
Borna: jaaa  
Martine: Er sekken ferdig?  
Borna: jaa  
Martine: Okei, så då snører ho – tok ho  
sekken og snørte igjen, og lukka den  
igjen og åh den er litt tung. Men så tok  
ho den på seg. Tok på seg sekken  
stramma den godt [...] (Utførar  
handlinga medan eg fortel)

### Analytisk samanlikning av sekvensane i lys av interaktiv dramaturgi

Som nemnt over tok desse møta utgangspunkt i ei rammeforteljing som eg hadde skrive i forkant, og inneheldt opningar og rom der eg hadde lagt opp til at borna skulle kunne komme med sine innspel og bidrag. Likevel kan ein plassere denne forteljinga under det Hovik og Nagel har kalla lukka forteljande form i sin modell over interaktive dramaturgiar i scenekunst for born (figur 1). Den kan plasserast her fordi forteljinga i seg sjølv vert ikkje endra, iallfall ikkje i stor grad, av at borna kjem med innspel. Eg som forteljar opnar opp for innspel og gjer nytte av nokre av dei, men gangen i, og slutten på, forteljinga vert ikkje påverka av dei innspela – historia er ikkje avhengig av at borna kjem med innspel, men det vert likevel opna for at dei kan komme med verbale innspel (Hovik & Nagel, 2017).

Som ein kan sjå ut i frå utdraga, så opnar eg opp for at borna kan komme med innspel på same måten; ved å spørja kva ein må ha med seg når ein skal på tur. I begge gruppene var borna ivrige med å komme med innspel, sjølv om det i stor grad var dei same ungane som kom med dei fleste forslaga. Eg hadde på førehand bestemt meg for å ta i mot alle innspel som kom. Som improvisator er det også viktig å vere open og seie ja til forslag, og ikkje blokkere (Johnstone, 1999). Eg hadde særskilt bestemt meg for å godta innspela som handla om avføring, då eg visste at det kom til å komme sidan eg har erfaring med denne aldersgruppa, og barnegruppa, frå før. Grunnen til dette var at eg ville vise borna at eg tek innspela deira på alvor, men også sidan eg har ein tanke om at dersom ein tek i mot, og nyttar, innspel som vanlegvis ikkje vert godtatt eller sett på som tull, så vert det kanskje ikkje like interessant å komme med denne typen forslag seinare. Erfaringa eg gjorde meg med denne barnegruppa i løpet av hausten 2020 var både at den type forslag ikkje kom så ofte, men samstundes at det gjerne var same borna som kom med forslaget når det først kom.



Sjølv om eg hadde bestemt meg om å ta i mot alle forslag, kan ein likevel sjå døme på at eg prøver å avvise enkelte forslag før eg til slutt aksepterer dei. Det beste døme på dette er innspelet om kjøleskapet som kom i gruppe A. Der prøvar eg meg på å hinte fram at eit kjøleskap kanskje er for stort og tungt, og om vi i det heile får plass i sekken. Eg jobbar ikkje veldig hardt med å avvise innspelet, men aksepterer det etter at barnet har konkretisert at det er snakk om eit lite kjøleskap. Ved å opne opp for slike verbale innspel så vil ein oppleve det Hovik og Nagel karakteriserer som dilemma ved denne dramaturgiske forma; nemleg kva ein skal velje å følgje opp eller ikkje (Hovik & Nagel, 2017). I denne sekvensen av møtet, så aksepterer eg alle tilbod om det som skal opp i sekken, men i seinare sekvensar under same møte er det likevel stort sett berre bæsje og tiss som vert følgt opp og nytta i møte med dei hindringane vi skal overkomme i løpet av forteljinga.

I utdraget med gruppe B ser ein også døme på at eg i større grad styrer borna mot å gje ein anna type innspel enn det som var kome først. Denne gruppa hadde nemleg eit stort fokus på mat og drikke. I tillegg til avvegingar om kva innspel som skal følgjast opp og ikkje, så må eg som fasilitator også avgjere når det er på tide å avslutte den sekvensen ein er i og gå vidare i forteljinga, både med tanke på tid, men også når det gjeld å halde på merksemda og velviljen til borna (Johnston, 2005). I begge gruppene varte sekvensen med å pakke sekken i rundt tre minutt, og ein kan tydeleg sjå i utdraga når eg starta å lukke sekvensen. Då eg såg igjen dokumentasjonsmaterialet, så fann eg det interessant at i gruppe A er det eit born, Oskar, som initierer til endeleg lukking av sekvensen ved å seie: «No sprekk den». Han refererer her til sekken som vert pakka. Anten så plukka han opp det at eg tidlegare hadde starta å lukke sekvensen, eller så var han sjølv klar for å gå vidare med historia – vi skulle trass alt ut på skattejakt.

Før eg ser på dette møtet i lys av Guss, så vil eg også trekkje fram ein del av møtet med gruppe B. Mot slutten av forteljinga er vi komne fram til eit slott der skatten er markert å vere, men i dette slottet bur der eit monster. Dette monsteret vart av gruppe B definert som ein ulvebjørn. Dette monsteret må ein då komme forbi for å kunne finne skatten. I utgangspunktet hadde eg bestemt meg for at vi skulle komme oss forbi monsteret ved å hjelpe det (VEDLEGG 7), og det var det vi gjorde i gruppe A; dei song natta-song for monsteret. Likevel vart det annleis med gruppe B. Det kan ha samband med at eg i forkant av det andre møtet gjekk gjennom det manuset og såg at eg også hadde lagt inn alternativet om å overvinne monsteret, og at dette låg framme i medvitte mitt då vi kom fram til den sekvensen i møtet.

### **3. Utdrag frå transkripsjon**

#### Gruppe B: Nedkjemping eller hjelpe monsteret?

Martine: [...] (Som ulvebjørn) Så, du har lyst på skatten min? (som Georgblaze)  
Ja, for eg for eg har fått i oppdrag – en flaskepost, så eh, eg vil gjerne ha den skatten ja (som ulvebjørn) Jaha? Men først må du prøve å beseire meg! Eller, dere kan... (stopper for å høyre det som blir sagt)

Sofie: eller kanskje du skal prøv  
ulvespray – kanskje du skal prøve  
ulvesprayan

Martine: jah

Mikkel: eller kanskje med en kanon!

Martine: en kanon? Men eg har jo ikkje  
en kanon, hadde ikkje med det i sekken,  
men vi hadde med ulvespray

Sofie: Ulvespray og tiss og bæsje  
SAMTIDIG!

Martine: så Georgblaze sto klar med ulvesprayan (viser det med kroppen), men så sa  
 Sabrina: (noko utydeleg) men du må springe litt  
 Martine: Ulvebjørnen sa: (som ulvebjørnen) Eller – jeg er så fryktelig trøtt! Så jeg får ikke sove uten at noen synger til meg. Så kanskje dere kan synge en sang? (som meg sjølv/Georgblaze) Kva trur dåkke? Skal vi bruke ulvesprayan?  
 Niklas: Kua mi!  
 Martine: eller skal vi synge ein sang for for ulve...?  
 Sofie (før eg har fullført setninga):  
 Ulvespray  
 Martine: Ulvespray? Du synes ulvespray, er det fleire som synes vi skal ta ulvesprayan?  
 Sara: JA! (Fleire born stemmer i)  
 [...]  
 (Georgeblaze spring og tar i mot det som blir tilbydd, og kastar det. Borna reiser seg og kjem med meir bæsje til Georgblaze og hjelper med å kaste på den imaginære ulvebjørnen – eg går over i rolla som ulvebjørn)  
 Martine: (som ulvebjørn (borna kastar framleis)) Nei! Nei! Nei! Nei, nå blir jeg skikkelig sint! Nå går jeg hjem for jeg vil ikke mer. Jeg vil ikke ha bæsje på meg (som Georgblaze/meg sjølv) Jeeeee, vi klarte det. Jeeeee. Superbra, high five (high five'ar nokre av borna)  
 (Sabrina står igjen og peikar bak Georgblaze/meg og ropar): Bak. Ulven er bak der. Hu er sint på dæ. Der! Han er fortsatt sint!

Her kan ein sjå at eg gjev borna eit val om å anten nedkjempe ulvebjørnen eller hjelpe det med å sove, og det valet gav eg dei utan å eigentleg å ha tenkt det i utgangspunktet. Ein kan sjå at eg gjennom denne sekvensen forsøker å leie borna mot å synge natta-song framfor å skulle nedkjempe det med å drepe det, men som det også kjem fram i utdraget, så var ikkje borna villige til å la seg leie i den retninga. Som ein ser i utdraget så blir det føreslått at hovudkarakteren Georgblaze skal bruke ulvesprayan, som ho også brukte ved ein tidlegare hindring, mot ulvebjørnen. Eg prøvar å snu til at vi skal synge for han i staden, men vert nedstemt.

Martine: er han fortsatt sint?  
 [...]  
 Martine: Kanskje viss vi synger så sovna han? Skal vi prøve det?  
 Sofie: Ja, da kan vi snik oss  
 Martine: jah  
 (borna snakkar litt i munnen på kvarandre)  
 Sara: eller bruka en kanon. Æ har en kanon  
 Martine: ja, viss vi viss vi klare å få han til å sovne så kan vi kanskje snike oss og finne skatten?  
 Niklas: Pang  
 Martine: Skal vi prøve det?  
 (Borna snakkar litt i munnen på kvarandre, eg ser noko blant borna)  
 Martine: Dåkke har, okei dåkke dåkke har dåkke har gevær og pistola  
 Sara: og æ har en kanon. Æ har to kanona  
 Martine: Ja, men høyr eg trur vi må få han til å sove (peiker bak mot den imaginære ulvebjørnen)  
 Sara: en med vann og en med is  
 Martine: okei. Dåkke har pistola klar?  
 Mikkel: Pang  
 (Andre born blir med på pang – dei skyt)  
 (Eg reiser meg og blir skutt som ulvebjørnen og dør. Borna held fram med skyting. Eg startar å reise meg, borna held fram med å skyte)  
 Martine: No e han no ligge ulvebjørnen der (peiker bakover) no er han død.  
 Eskil: Pang  
 Martine: då kan vi gå og leite etter skatten.

Etter at ulvesprøyen er brukt så vert ulvebjørnen endå sintare, og Georgblaze prøver å springe frå han. Borna kjem då med forslag om å bruke tiss og bæsje no også. Eg prøver meg på at ho hadde brukt opp dette, men borna kjem då og tilbyr ekstra (imaginær) bæsje, dei vert også med på å angripe ulvebjørnen med bæsje. Då blir ulvebjørnen lei seg og gir opp, men heller ikkje dette er nok for borna. Dei vil overvinne ulvebjørnen ein gong for alle. Eg prøver meg igjen på om vi heller skal synge for han og deretter snike oss rundt for å finne skatten, og får eit born på gli, men resten er tydelege på at dei har våpen klare for å drepe ulvebjørnen. Det ender med at eg gir etter og borna gjer kort prosess med å drepe ulvebjørnen. Dette skreiv eg i loggen om denne gruppa etter møtet: «Let seg litt mindre styre -> monsteret på slutten skulle absolutt beseirast, ikkje syngast for. Kan vere fordi eg gav dei det alternativet kontra førre gruppe som ikkje fekk det». Dette tenkjer eg nok er tilfelle. Born er gjerne vande til at eit monster skal nedkjempast. Det kan tenkast når eg ikkje hadde gjort meir i forkant for å gjere monsteret sympatisk nok til å hjelpe det, så er alternativet om å nedkjempe, og drepe, ulvebjørnen mykje meir appellerande og spennande for borna.

Når det kjem til form på møta så har eg alt plassert det i kategorien lukka forteljande form, men samstundes har dette møtet også element av den tredje kategorien i modellen til Hovik og Nagel; lukka aktiviserande form (figur 1). Det som gjer at den også kan plasserast her er at eg også i løpet av forteljinga opnar for at borna kan delta fysisk i tillegg til verbalt, og dette vert gjort etter instruksjonar av meg. Gjennom heile møtet så er vi innom fleire av kategoriane (VEDLEGG 8). I utdraget om ulvebjørnen med gruppe B er både eg som utøvar, og borna, også innom den sjette kategorien; open improviserande form ved at eg må improvisere rundt det borna kjem med innspel om (drepe ulvemonsteret) då eg sjølv opna opp og gjekk litt vekk frå min eigen plan, og at borna er med på å angripe og drepe ulvebjørnen ved å vere med fysisk i spelerommet. Eg hindrar at det kjem ut av kontroll ved å gjere døden til ulvebjørnen ganske kort, og går raskt vidare til neste sekvens som var å finne skatten (Hovik & Nagel, 2017).

### Analytisk samanlikning av sekvensane i lys av leike-drama

I utdraga eg har valt å presentere så fungerer borna som dramatikarar i den forstand at dei kjem med bidrag til det narrative gjennom at dei er med på å bestemme kva hovudkarakteren skal ha med seg i sekken. Sjølv om det er eit fåtal av innspela som vert nytta seinare, så har dei etter dette ein klar formeining og bilete på kva som finnast i sekken. I utdraget om nedkjempinga av monsteret med gruppe B, kan ein også sjå døme på at borna er både dramatikarar/dramaturgar og regissørar gjennom at det er dei som legg føringar for kvar forteljinga går ved å velje å nedkjempe ulvebjørnen framfor å hjelpe den, og ved å bestemme at eg som karakteren Georgblaze skal bruke ulvesprøy og avføring mot den. I tillegg vert dei også med som aktørar sjølve, både gjennom å tilby Georgblaze ammunisjon, men også ved at dei også angrip ulvebjørnen og til slutt drep den (Guss, 2015). Aktørar er dei også, i begge grupper, i sekvensen der vi møter andre hindring. Der vart dei inviterte inn i spelerommet for å hjelpe den vi møter med å plukke ned stjerner frå himmelen. Likevel er dette møtet lagt opp slik at borna i stor grad er tilskodarar, men som tilskodar er ein likevel ein viktig del av det som skjer. Fordi eg involverer dei og gjev dei oppgåver undervegs, så får tilskodarane ein funksjon der dei må vere lyttande og vere med på å gi og ta impulsar (Guss, 2015).

Under dette møtet var eg det Wilson refererer til som ein «moderne storyteller» sidan eg ikkje nytta andre verkemiddel utover eigen kropp og stemme (Wilson, 2006), sjølv om

eg mot slutten introduserte ein skatt som ikkje var imaginær. Eg skriv dette i loggen min etter møtet med gruppe A: «Interessant at alt fram til skatten var imaginær og at dei då tenkte at skatten var imaginær». Dette var noko eg ikkje hadde tenkt veldig på i forkant av møtet, men som sette i gong ein refleksjon hjå meg i ettertid. Eg har lurt på om eg gjekk glipp av nokre gode innspel, impulsar for seinare møter, og kva det hadde gjort med den overordna rammeforteljinga dersom eg hadde følgd dei innspela, særleg i gruppe A, på at nokre av ungane der fann ein imaginær skatt, og kva det hadde gjort med kjensla av eigarskap av forteljinga for borna. Den fysiske skatten var ein boks som inneheldt skjell og glasbrot eg hadde funne i fjæra, og eg prøvde å sette i gang samtalar og undringar knytt til desse då eg hadde ein plan om å nytte desse som utgangspunkt for seinare møter med havet som tema. Desse samtalanane vart ikkje så fruktbare som eg hadde håpa, då borna var meir opptekne av å undersøke dei for seg sjølve enn å samtale om dei. Skjella vart med i seinare møter også, og fekk ulike funksjonar både som pynt/dekorasjonar og som rekvisittar brukt til å fortelje ei historie, men havet vart aldri hovudtema for nokre av dei seinare møta.

### **Medskapande og deltakande born i Skattejakta**

Dei kunstnariske strategiane eg valde og nytta under dette møtet var primært henta frå forteljarkunsten. Eg hadde på førehand skrive ei rammeforteljing der eg hadde henta inspirasjon frå klassiske narrative oppbyggingar som nedkjempe monstret og quest (Booker, 2004), der eg som sagt hadde lagt inn rom der borna skulle kunne komme med innspel. Som forteljar brukte eg ikkje verkemiddel utover eigen kropp og stemme (Lwin, 2017), men eg måtte også improvisere rundt dei innspela som kom frå borna, særskilt då gruppe B avgjorde at dei skulle drepe ulvebjørnen framfor å hjelpe den med å sove (Frost & Yarrow, 2016).

Ved å nytte ei rammeforteljing i kombinasjon med forteljarkunst og improvisasjon, så opnar eg opp for at borna skal kunne vere medskapande og deltakande gjennom å komme med både verbale innspel, men også ved å invitere dei inn i spelerommet i løpet av møtet. Sjølv om dei har rolla som tilskodarar store delar av møtet, får dei likevel også sjansen til å ta roller som aktørar, dramatikarar/dramaturgar og regissørar. Mi oppleving er også at borna får eigarskap til forteljinga ved at dei får komme med innspel og at eg tek desse på alvor og inkluderer dei i det som eg fortel vidare. Sjølv om det ikkje er alle innspel som vert gjort nytte av, er dei likevel tekne omsyn til ved at eg gjer val basert på det borna kjem med. Det vere seg det som vert pakka i sekken, kva dyr eller monster vi møter på vår veg, eller korleis ein kjem seg forbi siste hindring i jakta på skatten.

#### **4.2.2 «Æ kan hjelp dæ å bygge»**

Møtet 13.oktober 2020 gjekk føre seg utandørs eit lite stykke unna barnehagen. Heile barnegruppa var på tur, men halve gruppa kom saman med to vaksne ned til det området der vi hadde avtalt at eg skulle vere. Denne plassen var der dei fleste møta utandørs gjekk føre seg. I tillegg var min rettleiar Heli Aaltonen til stades under dette møtet for å observere og gje rettleiing til meg etter møtet med borna. Ho tok også bileter under møtet som ho sendte til meg til å bruke som dokumentasjonsmateriale. Det er dette dokumentasjonsmateriale i tillegg til min eigen personlege logg som er utgangspunktet for analysen av dette møtet, og det besto av 65 bileter tekne før og under møtet og fire korte filmar frå sjølve møtet. Eg har valt ut tre bileter som illustrerer det eg trekk fram i analysen.

Dette møtet hadde same utgangspunkt som veka før, då møta utandørs vart gjort med berre halve gruppa per veke. Veka før (41) var det haustferie og opplegget vart gjennomført med tolv born. Sidan dei vaksne ikkje hugsa heilt kven som hadde vore med eller ikkje veka før, så kom dei med ungane i gruppe A til dette møtet, så det var ein blanding av born som hadde vore med på dette oppsettet for møtet før, og born som ikkje hadde det. På forkant hadde eg bestemt meg for at historia sin hovudkarakter skulle vere Georg, då dei hadde møtt dette karakternamnet tidlegare, men eg hadde ikkje bestemt noko meir om forteljinga utover det. Planen var med andre ord å improvisere fram ei forteljing med bakgrunn i dei innspela og bidraga borna kom med under desse møta.

Eg hadde gjort nokre endringar frå veka før etter erfaringar eg hadde gjort meg. Eg skreiv i loggen etter møtet 06.oktober:

Forteljarboksen fungerte nokolunde, her skulle eg nok presisert litt nærare, då det for mange vart fleire rundar med mange ting og mykje av det same (mykje av det same hadde det nok blitt uansett). [...] også litt utfordrande å finne balansen i det å ta i mot innspel/tilbod før ein går vidare, for så å hugse alle når ein byggjer forteljinga vidare -> og kva tilbod fungerer og ikkje. [...] Eg synes sjølv eg vart for statisk i dag, eg føretrekk å vere meir i rørsle og bruke heile meg når eg fortel (utdrag personleg logg 06.10.20)

Forteljarboksen eg viser til er ein boks eg hadde måla og laga til for at borna skulle finne ting i naturen og legge opp i boksen, så skulle eg lage ei forteljing med utgangspunkt i desse tinga (sjå figur 3). Under desse møta vart det også delt ut forteljarsteinar som det vart skrive namn på. Desse skulle fungere som teikn på at ein hadde noko å seie, eller innspel å komme med, både under desse møta og seinare. Endringane eg gjorde mellom 06. oktober og 13. oktober var blant anna å avgrense talet på ting borna fekk leggje i boksen frå inga avgrensing til maks to ting kvar. Eg valde også å gå rundt til kvar enkelt for å samle inn desse tinga og samstundes høyre kva dei ønskte at tinga deira skulle vere. Dette kan ein sjå døme på ut i frå figur 1 (BLIR ANNA NUMMER I SJØLVE OPPGÅVA) og dette er ein av sekvensane frå dette møtet eg vil sjå nærare på. Først vil eg gjere greie for kva vi gjorde under dette møtet.

Borna fekk presentert at vi saman skulle lage ei ny historie om Georg, og deretter fekk dei i oppdrag å gå rundt i området og finne ein til to ting dei ville putte i boksen, som så skulle brukast til å lage denne forteljinga. Når dei var klare gjekk eg rundt til kvart enkelt born og hørde med dei kva dei putta i boksen og kva det skulle vere. Så byrja vi å dikte forteljinga. Det vart ei forteljing om Georg og familien som skulle redde ein flokk med ugler frå eit monster som ville ete dei. For å få til dette måtte dei få hjelp av ein jeger og bygge ei felle. Eg fortalde og dikta på forteljinga ved å bytte mellom å spele ut forteljinga ved hjelp av tinga i boksen som ein form for figurteater, og å spele ut hendingar som ein av karakterane i forteljinga. Borna kom med innspel og forslag under heile møtet.



Figur 3 Martine held fram forteljarboksen framfor eit born som har lagt eller skal til å leggje opp i det dei har lyst til å bidra med til forteljinga som skal lagast (Foto: Heli Aaltonen)

Dette skreiv eg i loggen etter møtet 13.oktober 2020:

Det fungerte å avgrense antal objekt som skulle i boksen, og å gå rundt til kvart enkelt born og gje dei sjansen til å seie kva dei la ned i og kva funksjon/rolle det skulle ha i historia.

- Kongler vart menneske og dyr, samstundes som at det også var rom for at det kunne vere ein kongle.
- Løv vart skog.
- Pinner skulle vere felle
- Barkebit skulle vere monster.
- Liten stein vart fotavtrykk

Eg hugsa ikkje alt av kva dei ulike objekta skulle vere, men hugsa kven som hadde putta det i boksen og gav borna moglegheita til å minne meg på det eller re-definere den (utdrag personleg logg 13.10.20)

#### Analyse av sekvensen i lys av interaktiv dramaturgi

Denne sekvensen av møtet tenkjer eg kan plasserast inn i kategorien open, inviterande, dialogisk form i modellen til Hovik og Nagel. Grunnen til det er at eg her tydleg inviterer til deltaking og at det som kjem etterpå vert bygd på dei innspela borna kjem med her. Utan innspel og bidrag her vert det ikkje noko historie å fortelje for meg. Det er eg som legg premissa for kva type bidrag det skal vere, gjennom å seie at dei skal finne ting i naturen og ved å avgrense mengde, men kva borna vel ut og kva dei vil at tinga skal vere er fullstendig opp til dei (Hovik & Nagel, 2017). Borna inviterast her til å vere fysisk deltagande ved at dei sjølve går rundt i området ved spellassen og vel ut sine bidrag. Etterpå får dei presentere sine bidrag ved at eg går rundt til kvar enkelt og både høyrer og ser kva bidrag og innspel dei kjem med (Hovik & Nagel, 2017).

## Analyse av sekvensen i lys av leike-drama

Borna fungerer her både som dramatikarar og scenografar/rekvisitørar. Med det meiner eg at dei bidreg til å til å dikte opp og strukturere forteljinga ved å leggje til grunn kva deira bidrag skal vere i forteljinga (Guss, 2015). Barnet som legg opp i barkebiten og seier den skal vere monsteret legg føringar for meg som forteljar sidan eg må følgje opp dette innspelet og introdusere monsteret i løpet av forteljinga. Sidan alle monster vi har møtt saman tidlegare har vore slemme var det naturleg for meg at også dette monsteret vart slem. Dette saman med at pinnar som vart lagt i boksen skulle nyttast til å byggje ei felle, la grunnlaget for ein *nedkjempe monsteret* struktur på forteljinga (Booker, 2004).

### **Å byggje ei felle for monsteret**

Den andre sekvensen eg vil sjå på frå dette møtet er det som skjedde då eg heldt på med å bygge ei felle for monsteret, etter oppdrag frå borna som satt og såg på. Som nemnt over så skulle Georg og familien hjelpe og redde ein flokk med ugler frå eit monster. Dette fekk dei hjelp av frå ein jeger. Nokre av borna var opptekne av at denne jegeren hadde både gevær og kanon, men det var også nokre som ikkje ville drepe monsteret ved hjelp av våpen. Det vart difor avgjort at det skulle byggast ei felle. Det var nokre pinnar i boksen som kunne fungere som materiale til denne fella. Eg fortalde at Georg, familien hans og jegeren byrja å bygge på fella medan eg sette opp ein pinne for å markere starten på fella. Det som då skjedde var at eit av borna, Karoline, reiste seg opp og sa «Æ kan hjelp dæ å bygge». Dette ser ein på figur 5.



Figur 4 Karoline kjem opp for å hjelpe meg med å byggje fella til å fange monsteret i. Foto: Heli Aaltonen

Eg tok gladeleg i mot hjelp og opna for at dei andre borna også kunne vere med på å bygge fella, som ein kan sjå av figur 6. Nokre born gjekk i gang med å samle fleire pinnar til materiale, medan andre hjelpte meg med å putte pinnar i bakken for å forme fella. Det kan tenkast at borna sin leikkompetanse og førestillingsevne vart sett i gang her, at dei på eit vis gjekk inn i rollene som familien til Georg, Georg sjølv eller jegeren

då dei kom fram for å hjelpe til med å bygge fella som skulle fange monsteret. Dei kom inn i spelerommet og fiksjonsuniverset og utforma fella som skulle fange monsteret og dermed redde uglene.



Figur 5 Fleire born kjem til for å bygge fella for monsteret. Foto: Heli Aaltonen.

#### Analyse av sekvensen i lys av interaktive dramaturgi

Her er det borna sjølve som tek initiativ til å delta og hjelpe til og møtet får element av den sjette og fjerde kategorien i Hovik og Nagel sin modell: open improviserende form og open installasjons- eller vandreteaterkonsept. Den førstnemnde kjenneteiknast ved at borna nyttar sin leikkompetanse og er med på å forme uttrykket og innhaldet i det som skjer gjennom fysisk deltaking. Borna er kroppsleg involvert i medskapande handlingar. I den andre så får borna delta i det fiktive universet ved at dei vert inviterte inn i det fysiske rommet (Hovik & Nagel, 2017). Det er vanskeleg å putte denne sekvensen med sikkerheit i den eine eller andre kategorien, då den som sagt har element av begge. Borna kjem inn og er ein del av det fysiske «rommet». Det var ikkje planlagt frå mi side, men vart resultatet av ein impuls eit av borna fekk, som eg valde å spele vidare på. Kanskje var det nettopp leikkompetansen i Karoline som utløyste eit ønskje om å hjelpe til med å byggje fella?

Møtet i sin heilskap, for borna sin del, plasserer eg i kategorien open, inviterande, dialogisk form, sjølv om forteljinga som vart laga hadde ein lukka form og oppbygging. Borna kom for det meste med verbale innspel, men sidan eg fann på historia undervegs ut i frå dei bidraga dei kom med, så har vala deira innverknad på det som skjer. For min del, som forteljar, så ligg møtet mellom kategoriane open, inviterande, dialogisk form og opne improviserende form. Dette fordi eg både har ein pedagogisk funksjon i starten, der eg hentar inn innspel og bidrag frå borna. Her brukar eg *creative dramatics* på den måten at borna får uttrykke seg og komme med innspel gjennom fysiske ting frå naturen og dermed er med på å leggje rammene for forteljinga som vi skal dikte saman (Braanaas, 2008). Samstundes er hovuddelen av møtet ei improvisert forteljing der eg lyttar til borna og brukar deira innspel for å byggje handlinga og framdrifta i forteljinga (Hovik & Nagel, 2017).



## Analyse av sekvensen i lys av leike-drama

Fram til dette var borna i stor grad tilskodarar, som kom med innspel på oppfordring eller spørsmål frå meg, men ved at Karoline reiste seg og initierte til å vere med på å bygge fella, så endra ho rolle til å vere scenograf, og på eit vis også aktør. Fleire born følgde på dette initiativet og endra dermed også rolle (Guss, 2015). Det kan tenkjast at sidan eg har opna opp for, og oppfordra til, medskaping og deltaking, så kjente Karoline seg trygg på at hennar tilbod om å hjelpe ville bli godt tatt i mot av meg. Noko det også vart. Eg vart positivt overraska over tilbodet og tok det i mot med opne armar, og det var noko av det som satt igjen i meg etter dette møtet. Det kjentest ut som noko veldig riktig hadde oppstått og det førte til at eg ønska å opne opp og involvere borna i større grad etter dette møtet.

### **Medskapande og deltakande born i naturen**

Dei kunstnariske strategiane eg nytta under dette møtet var hovudsakleg improvisasjon i kombinasjon med forteljarteknikkar, då det blant anna ikkje låg noko rammeforteljing til grunn for møtet (Frost & Yarrow, 2016). Eg hadde med ein boks eg hadde laga med det formålet om at den skulle fyllast opp med ting borna fann i naturen rundt oss, og som deretter skulle nyttast som inspirasjon til å skape ein forteljing saman. Undervegs brukte eg tinga i boksen som rekvisittar eller som karakterar i historia, i tillegg til at eg brukte min eigen kropp og stemme for å vise handling og skilje mellom karakterane undervegs (Lwin, 2017): «Eg var også meir fysisk i dag [...] eg kjenner for min eigen del at eg er føretrekk å vere meir fysisk og at det også held noko meir på merksemda og interessen hjå borna» (Utdrag personleg logg 13.10.20)

Historia som vert dikta fram er eit samarbeid mellom borna og meg som forteljar. Det er borna som legg premisa for kva type historie det blir ved å fortelje meg kven karakterane i forteljinga er gjennom å definere kva dei ulike objekta dei legg i boksen skal representere i historia. Det vere seg familien til Georg, som alle er konglar, eller barkebiten som skal vere monstret. Her er det borna sin leikkompetanse og fantasieвне som slår inn, at dei førestiller seg at ein kongle kan representere og vere noko anna enn ein kongle (Guss, 2015).

Borna er under møtet aktivt deltakande og medskapande gjennom at eg har ein kontinuerleg dialog med dei om kvar historia tek vegen, frå starten der dei legg ting i boksen, undervegs om kven Georg må redde frå monstret, og ved at dei er med på å byggje fella monstret endar opp i, og kor lenge monstret må bli verande i fella: «Til han e et skjelett!». Sidan forteljinga er improvisert fram, så er dette ei forteljing som på mange måtar er unik for denne gruppa, sjølv om ein undervegs hentar element og oppbygging frå andre liknande forteljingar. Dette kan ein seie spelar inn på borna si kjensle av eigarskap av forteljinga. Det er dei som legg premisa i starten, kjem med innspel undervegs og avgjer korleis den skal slutte.

### **4.2.3 Båten og fisken**

10. desember 2020 var min eksamensdag og dermed siste møta med borna i det praktiske prosjektet mitt. Det gjekk føre seg innandørs og vart gjennomført med begge dei halve gruppene. Gruppe B var den som var først ute, og dei var under møtet åtte born i følgje med to vaksne. Gruppe A var sist og besto av ti born i følgje med ein

vaksen. Grunnen til at det var ti born i den andre gruppa var at eit born som i utgangspunktet hørde til gruppe B kom til barnehagen etter at gruppe B var i gang med sitt møte, og hen hadde eit ønskje om å vere med gruppe A. I tillegg var også mine to sensorar og min retteleiar til stades i rommet.

Eg valde å starte dei to møta på ulikt vis. Med gruppe B valde eg ein veldig open start, der borna vart invitert til å byggje rommet vi skulle vere saman i. Rommet møta gjekk føre seg var, som vanleg for innandørsmøta, i måltidssalen av kjøkkenet til barnehagen. Eg hadde rydda unna bord og stolar sånn at spellassen var mest mogleg open og tom, men unntak av eitt bord som borna kunne nytte til sin bygging av rommet/spellassen. Det er dette som er sekvensen eg vil sjå nærare på for denne gruppa.

For gruppe A hadde eg laga klart spelrommet før dei kom inn, men dei fekk anledning til å sette sitt preg på det. Men den sekvensen eg vil sjå nærare på med denne gruppa er det som føregjekk under hovuddelen av møtet, altså under skapinga av forteljinga/historia.

For å sjå nærare på desse sekvensane vil eg nytte utdrag frå transkripsjonar gjort av det videomaterialet som vart gjort denne dagen. Eg vil først sjå på gruppe B.

#### **4. Utdrag frå transkripsjon**

##### Gruppe B: Båten

Martine: [...] Så, eg har med masse stoff og litt stein og skjell. Og sist eg såg dåkke så hadde eg laga en båt. Men i dag tenkte eg at dåkke skulle få lov til å bygge det vi skal, der vi skal vere. Bordet kan dåkke bruke. Dåkke kan bruke stoffet, steinane og skjella sånn som dåkke vil.

Marte: Og det her (Klapper på det stoffet hun sitter på)

Martine: og det der. Og så kan dåkke eh bestemme om bordet skal stå sånn

Marte: (ler)

Martine: eller om dåkke vil snu det opp ned

Mikkel: Snu det opp ned

Martine: Skal vi snu det opp ned?

Borna: ja

[...]

Martine: [...] Okei, kva skal vi gjere med bordet no då?

Sara: lage en båt!

Martine: Lage en båt?

Borna: ja (nokre av borna har allereie inntatt «spelerommet»)

Sara: Med det her stoffet

Martine: ja

Eskil: å æ kjøre. Jeg kjører

Martine: ja, du kjører båten?

(Borna finner stoff og begynner å dandere det rundt og på bordet)

[...]

Martine: (til eit anna born medan eg hjelper litt med stoffet) korleis skal vi lage til båten med stoffet då?

Sara: Da da da kan vi (utydelig) viss vi dele den i to

Martine: dele den i to?

Sara: ja, sånn at vi får litt av det litt av alt her

Martine: Litt av alt

[...]

Martine (til Marte): Er det ei seng der eller er det havet?

Marte: Havet

Martine: Havet?

Marte: Kan æ væra en hai?

Martine: Skal du vere ein hai?

Marte: ja

Eskil: og æ kjøre motorsykkel

[...]

Oskar: Martine, æ har pynta her

Martine: Oi, det var flott!

Sara: og så pynte vi litt mer! Kom igjen!

Sofie: I havet! Havet kan vi jo pynte

Martine: Pynta dåkke havet?

Sofie: Ja, det må jo vær non steina og skjell under havet  
(fleire born snakkar i munnen på kvarandre)  
Martine: oi oi oi, dette her blir ein veldig flott båt  
Oskar: det her er bak  
Martine: er det her bak? Og det er foran (peiker på motsatt side av bordet)  
Eskil: og jeg er motorsykkel  
Martine: er det en motorsykkelbåt?  
Oskar: nei, det er en båt  
Anna: Jeg er havfrue  
Martine: er du en havfrue? Har både en hai og en havfrue  
Marte: det er min (forsvinner i broom-lydane til Eskil)

Eskil: \*broom broom\*  
Martine: okei, eh, begynner båten slash motorsykkelen å bli ferdig?  
Eskil: ja  
Oskar: nei, det e en båt. Det er bare en båt  
Martine: Det er berre en båt? Men Eskil seie at det er en motorsykkel og. Den har eg trur den har et motorsykkelratt iallfall  
Eskil: ja. Her e her e mo - her styre vi [...]  
Martine: Då tenker eg at dåkke skal få lov til å komme og sette dåkke her igjen (peikar mot der dei satt i starten)

### Analyse av bygging av båt

Her inviterer eg altså borna til å vere scenografar (Guss, 2015) og skape rommet/plassen vi skal vere når vi seinare skal lage ein historie. Invitasjonen er veldig open og utan veldig klare retningslinjer, noko som skal vise seg å verte ei utfordring for meg. Forma her er ein kombinasjon av open, inviterande, dialogisk form og open improviserande form (Hovik & Nagel, 2017), sidan borna vert invitert inn til fysisk deltaking i det sceniske rommet ved at det er dei som bygger det. Undervegs kan ein også sjå at nokre av borna også startar å aktivisere leikkompetansen sin, og vert aktørar, ved at dei gjev seg sjølv roller som hai, havfrue og motorsykkelførar. I lys av Guss, så er leikkompetansen allereie i gang når dei bygger rommet, då å skape rom og univers er ein vanleg og sentral del av leiken frå før (Guss, 2015).

Utfordringa for min del er det Hovik og Nagel legg fram som risiko for kaos og tap av kontroll i denne dramaturgiske forma. Eg er med på bygginga og følgjer opp innspel som kjem, men eg kjente på då, og ser igjen i ettertid på dokumentasjonsmateriale, at eg mista litt av kontrollen og at det vart noko kaotisk (Hovik & Nagel, 2017). Her kan ein argumentere for at klarare retningslinjer nok hadde minimert kaoskjensla noko, men utfordringa med ein open form, der ein aktiviserer, og introduserer, element av leik er at ein fort kan kjenne på tapet av kontroll uansett. Det er viktig at ein her har ein evne til å vere fleksibel og improvisere rundt det som oppstår, og vere trygg nok i seg sjølv at ein toler noko tap av kontroll (Hovik & Nagel, 2017). Det opplev eg at eg gjorde. I dokumentasjonsmaterialet ser eg på kroppsspråket mitt at eg ikkje er veldig stressa eller frustrert over at stemninga er noko kaotisk, men samstundes brukar eg rundt 30 sekund på å få samla borna igjen etter at eg har avslutta denne sekvensen. Det eg også ser er at enkelte av borna surrar rundt i si eiga verd, og er meir opptekne av å leike enn å følgje instruksjonen om å byggje rommet. Desse var eg ikkje like god på å fange opp undervegs i sekvensen og enkelte av dei var då blant dei som var vanskelege å «hente inn» igjen etter at eg avslutta sekvensen – dei ville leike vidare. Dette var også tilfelle for resten av møtet.

Under invitasjonen for å byggje rommet nemner eg at eg hadde laga ein båt førre gong eg møtte dei, og det er mogleg at ved å minne dei på dette, så la eg føringar for kvar deira tankar gjekk når eg då sa dei kunne byggje rommet som dei ville. Det kan godt vere at det var dit dei hadde gått likevel, sidan det er noko vi har gjort saman ved fleire anledningar, men det kan også vere at borna kunne vore meir tilbøyelege å vere med på tanken og ønskje til Eskil om at det skulle vere ein motorsykkel. I utdraget over kan ein tydeleg sjå at Eskil var bestemt på at den delen av bordet han var, så var det ein motorsykkel, medan borna rundt – og då særskilt – Oskar var bestemte på at det var ein båt. Då eg prøvde å inkludere begge innspela om at det kanskje er ein motorsykkelbåt eller båt med motorsykkelstyre, så er Oskar tydeleg på at det er berre ein båt, medan Eskil aksepterer meir at den kan vere begge deler. Begge gutane er likevel einige om at der Eskil sitt er der ein styrer. Her kan det vere fleire faktorar som spelar inn. Som fasilitator og leiar for ei gruppe, så må ein vere obs på gruppedynamikken og samstundes vere klar over den «makta» ein sitt på som leiar (Johnston, 2005). Ved å minne borna på at eg tidlegare har laga ein båt, er det som sagt, mogeleg at eg legg føringar for borna utan å heilt vere klar over det eller ønskje det. Oskar og Eskil har ikkje tidlegare vore på gruppe saman i løpet av hausten. Oskar kom inn i staden for eit anna born, det vart gjort eit lite internt bytte denne dagen, og har tidlegare vore med i gruppe A. Det er også verdt å merke seg at Eskil framleis er ganske ny i denne gruppa, medan Oskar er godt etablert i barnegruppa som heilheit. Dette kan også spele inn på kvifor det er Eskil som går med på at hans innspel blir ein del av båten framfor at det vert ein motorsykkel. Han føyer seg her for fleirtalet, då det er båt gjennom resten av møtet.

## 5. Utdrag frå transkripsjon

### Gruppe A: Fisken

[...]

(Borna er inne i fisken, med unntak av nokre som sitt i vaksenfang, ei som «symjer» i bekken, og Sabrina som er i mitt fang – ho dunka hovudet litt i bordet rett før)

Martine: [...] og ein dag dei var ute og svømte i det gode å, det var litt kaldt det vannet i dag \*brrrr\* for det var begynt å snø og oppå land så såg dei (eg reiser meg opp med Sabrina i armane) en diiiiiger (løfter Sabrina opp sånn at hovudet hennar er litt over mitt/ sitt på hofta/sida mi – byrjar å gjere til stemmen, den vert mørkare) en diiger et digert menneske som kom og skulle fiske dei (trampar med beina. Borna som var utanfor fisken søker tilflukt inne i fisken) ååårh! «Har du» det var et me...nei, veit du kva? Det var ikkje eit menneske, det var et troll! Et to-hoda troll! (hupsar Sabrina litt opp på sida mi) (med trollstemme) ÅÅÅÅH! Jeg er sulten! Å, se der den stooore fisken

(Peiker på fisken der mange av dei andre borna er)

Sabrina (med mørk trollstemme): Æ går og tar dæm

Martine (med trollstemme): Ja, den skal vi ta! (Setter Sabrina ned på golvet)

(Siri spretter ut av fisken og lagar ein høg kvinelyd – Sabrina spring mot ho.

Martine går mot borna inne i fisken)

[...]

Martine: (hysjar litt) Så, monsteret vart han spiste litt av fisken eh Sisi Kusen eh Vannøre Promp Bæsj, ja, og veit dåkke kva som skjedde då? (plasserer Sabrina mellom beina) Han vokste og vart endå større og det vart fikk endå et endå en kropp (plasserer Alise foran eine beinet mitt) endå et hode (plasserer Karoline foran det andre beinet mitt) og endå et hode og endå et hode (plasserer Siri og Mari foran Karoline og Alise) (Med monsterstemme) Rooaaar (Borna som også er monster/troll stemmer i og angriper fisken igjen)

[...]

(Siri er monster/troll og let som ho et borna som sitt i fanget på Nina)

[...]

Martine: Okei, monstersamling (har samla Mari, Siri og Vera)

Alise: Æ vil å vær med (Ho og Karoline kjem springande til meg)

Martine: Monstersamling (Sabrina blir med – Vera bryt ut og held på med noko rundt fisken) Monstersamling (Sabrina bryt ut og får følgje av Alise og Mari)

Nei, (utydeleg) kom kom (dei samlar seg igjen) Okei, men kor mange var igjen i av fiskane no då?

Morten (frå fanget til Nina): TO!

Martine: To?

Borna (vanskeleg å tyde kven): To Tre!

[...]

Monstersamling (Siri har her fått eit spark i haka under bordet, og kjem til meg for trøst. Eg gir anerkjenner det «Det var ikkje bra» og sender ho til Nina. Henrik har gått tilbake til å vere fisk saman med Niklas)

Fisken han ga kom med ein skikkelig kamp, så trollet bestemte monsteret bestemte seg for at (med trollstemme) Nei, no trur eg at eg var mett for no er eg blitt så masse større.

Sabrina (med trollstemme): og æ ska spise mye mat

Martine (med trollstemme): Ja, vi går i skogen og ser om vi finner noe (Sabrina og Mari forsvinner inn i fisken)

Sabrina: nam nam nam nam

Martine: (ser at stoffet held på å ramle av bordet): Eg trur kanskje - sjå kva som har skjedd med fisken! Han er jo blitt nesten et skjelett, vi har spist så masse av han

Borna: å nei!

Martine: oi, oi, oi. Vi har spist så masse av han at den er blitt eit skjelett!

[...]

Martine: Så. Men dei to siste fiskevennane til Sisi Kusen Vannøre Promp Bæsj (fleire born klatrar på meg medan eg held på å avslutte historia) dei klarte å unnsnippe monsteret og svømte

vidare ut i havet mens monsteret det var blitt så stort at det nesten ikkje klarte å gå lenger (eg vaklar litt med vilje med tre born i fanget – dei ler) aaaaa, det var blitt alt for stort, så det måtte legge seg ned og sove litt (vi legger oss ned) og då benytta fisken muligheten til å rømme og kom seg helt ut i havet der det levde lykkelig resten av sine dagar og monsteret det sov (Henrik slår her Siri med eit skjell, eg sprett opp mot han medan eg snakkar, når ikkje han, men trøstar Siri med blick og stryk ho over hovudet medan eg snakkar) i hundre år (til Siri) går det bra?

Siri: ja

Martine: og monsteret sov i hundre år og vart til slutt til eit digert

Siri: Skjelett

Martine: fjell

Siri: Nei, det e skjelett

Martine: Men inni fjellet der var det et skjelett

[...]

Martine: Men så var det eventyret om fisken og delfinen og monsteret ute (avsluttar historia her og ber alle borna finne ein ting til å leggje i boksen til slutt)

## Analyse av forteljar-sekvens med fisken

Gruppe A fekk eit anna utgangspunkt enn gruppe B. Her hadde eg laga til rommet på forkant; dandert stoff på og under bordet, men borna fekk anledning til å pynte og dekorere det som dei ville. Dei bestemte også kva det skulle førestille: ein diger fisk som fekk namnet Susi Kusen Vannøre Promp Bæsj. I utgangspunktet hadde eg tenkt at begge gruppene skulle få same utgangspunkt, men eg ombestemte meg etter møtet med gruppe B. Der følgde eg min eigen magekjensle og dei erfaringane eg hadde gjort meg frå møtet med gruppe B, og endra inngangen til møtet med gruppe A. Det var framleis ein kombinasjon av open improviserande form og open, inviterande, dialogisk form, men med tydlegare rammer.

Sekvensen eg har valt å analysere frå dette møtet er henta frå «hovuddelen» av møtet, nemleg sjølv skapinga av forteljinga. I forkant har borna komme med namn på fisken, namn på delfinen som var vennen til fisken, og kvar fisken bur og dei har inntatt rollen som fisken og delfinen ved å vere inne under bordet – altså inne i fisken. Eg startar forteljinga utan å etablere noko vidare utover at fisken og delfinen var ute og svømte, og går rett vidare i handlinga ved at dei møter på eit troll. Som ein ser av utdraget, så er eg på veg til å seie at den som kjem for å ta fisken er eit menneske, men så brukar eg det at eg har Sabrina i armane som inspirasjon for å bli eit troll med to hovud. Her inviterer eg Sabrina med meg inn i fiksjonen ved å gje ho ei rolle som troll saman med meg. Denne rolla tek ho gladelig og gjer uttrykk for at ho er med på leiken ved at ho gjer stemmen mørkare og seier at ho skal ta dei andre. Vi brukar begge vår leikkompetanse (Guss, 2015). Forma går her i frå og ut fullt inn i open improviserande form, og det som følgjer er at det vert ein form for «ta kvarandre» leik inne i fiksjonen (Hovik & Nagel, 2017). Etter at Sabrina og eg har vore skumle troll hentar eg ho tilbake til meg ved vinke ho til meg, og då er det fleire born som vil vere monster, eg inkluderer desse borna inn i fiksjonen ved å fortelje at trollet hadde fått ete noko av fisken og dermed vekse seg større. At trollet angrip fisken gjentek seg fleire gonger, og det vert ein «ta kvarandre» leik av det. Eg går inn og ut av fiksjonen ved å bytte på å vere forteljar og å vere trollet.

Forteljinga tek form utifrå det borna gjer gjennom leiken sin og eg byrjar å avslutte sekvensen når eg ser at dei borna som er igjen ikkje let seg fange, og særskilt etter at det eine barnet får eit spark då ho prøver å ta ein av dei andre. Her er det kanskje min tause kunnskap som slår inn (Polanyi, 1966), og eg bestemmer meg for å avslutte medan leiken er god. Eg startar med å bake inn det som skjedde med Siri ved å seie at fisken gav trollet ein skikkeleg kamp og at trollet dermed ga opp jakta, samstundes ser eg at stoffet på bordet er i ferd med å ramle av og nyttar dette til å illustrere kor mykje av fisken som hadde blitt ete av trollet og at det kanskje var riktig å la fisken sleppe unna. Eg fortel at trollet vart lei seg og at han fekk dårleg samvit overfor fisken, men dette er ikkje borna med på, då særskilt ikkje Sabrina: «Æ var ikke lei mæ». Det dei går med på er at trollet vart blitt så stort og mett at det måtte sove litt, og dermed slapp fisken unna. Her er eit døme på korleis eg prøver å avslutte sekvensen på ein måte som gjer at det ikkje kjennast uforløyst ut for borna. Sjølv om det er nokre av borna som er troll som seier dei vaknar igjen, klare for meir leik, så godtok dei likevel at eg avsluttar sekvensen og historia – då dei fekk i oppgåve å velje seg eit skjell eller ein stein til å leggje i forteljarboksen saman med eit minne for dagen. I tillegg fekk dei velje seg ein ting til å ta med heim sidan det var siste dagen vår saman i dette prosjektet.

I sekvensen med fisken er dei aller fleste ungene aktørar i leiken, men det er også nokre som valde å vere tilskodarar og sette seg i fanget på den vaksne som følgde gruppa. Desse er likevel med på det som skjer gjennom å melde frå til meg om kor mange born/fisk som er att etter at trollet har angripe for andre gong. I tillegg er Siri innom dei og involverer dei i leiken ved å late som at ho skal tar og et dei også (Guss, 2015). Dette er også eit døme på det Gladsø et. al. legg fram om at for born er tilskodarar til leiken ein potensiell leikekamerat (Gladsø et al., 2015). Leiken er ein sentral del av denne sekvensen, der både borna og eg går inn i roller, vi er alle med på leiken. Min leikkompetanse vert her viktig i møte med borna sin leikkompetanse. Eg går som sagt inn og ut av rolla som troll og forteljar, medan borna er i rolle under heile sekvensen. Det er også born som bytter rolle undervegs, frå fisk til troll, og det er born som vert fanga og skal forvandlast om til troll, men som vel å halde fram med å vere fisk. Heile denne sekvensen er prega av den dramatiske leiken (Guss, 2015).

Ei utfordring som av og til oppsto i gruppe A, og som kom fram under dette møtet, var at Henrik manglar noko impuls kontroll og denne dagen kom dette ut i form av at han slo nokre av dei andre borna. Det skal seiast at denne forma for utslag var nyleg oppstått. Tidlegare har dette gjort seg meir gjeldande i at han kan vandre og bli opptatt av andre ting enn det vi heldt på med. I nokre tilfelle fanga eg han opp og sette han i fanget mitt medan eg fortel eller forklarar til dei andre borna, andre gonger har han blitt fanga opp av den vaksne som følgde med gruppa. Dette har stort sett vorte gjort først når det har gått utover dei andre, på den måten at det har vore veldig forstyrrende eller han har tatt ting frå dei andre når det har vore bruk av materiale som stein og skjell. Under dette møtet vart han tatt vekk frå nokre av situasjonane som oppsto, men ikkje alle. Han fekk vere med på heile møtet, og var veldig delaktig som fisk.

Som fasilitator er det min oppgåve å sørge for at gruppa eg arbeider med kjenner seg trygge. Både saman med dei andre og på meg som fasilitator. Ved å ha med deltakarar som kan verke forstyrrende, eller som i dei siste møta, er fysisk mot dei andre ved å slå, så er det ekstra viktig at eg som leiar for opplegget er obs på det som skjer og forsøker å avverje slike situasjonar (Johnston, 2005). Sidan eg har kjennskap til denne bornegruppa frå før eg starta med prosjektet, så var eg klar over at blant anna Henrik kunne vere utfordrande med tanke på å halde på fokuset og merksemda hans. Eg valde likevel å inkludere han i møta, då det hadde vore urettferdig om han ikkje skulle fått blitt med, samstundes som at prosjektet kanskje ikkje ville blitt like autentisk. Når ein skal leie aktivitetar med born, så må ein rekne med at ein vil møte på utfordringar. Dette er fordi, som menneske, så er alle ulike og har ulike føresetnader. Ein kan også argumentere for at ein ikkje lærar utan noko motstand (Johnston, 2005). Med tanke på Henrik, så opplevde eg at som regel at han var ein del av det som skjedde og at han hadde utbytte av å vere med, sjølv om han også kunne vere den som det var lettast å miste fokuset til.

Det skal også seiast at den situasjonen der Siri fekk eit spark av ein av fiskane, så var det som følgje av at eit av borna som var fisk ikkje var med på leiken om å bli fanga av monsteret, men var meir investert i eigen leik om å vere fisken og forsvarte seg deretter. Det er likevel uheldig at dette forsvaret gjorde seg utslag ved eit spark. Dette var også, som nemnt, utslaget for at eg valde å avslutte forteljinga, då eg skjønnte at dei siste fiskane ikkje kom til å la seg fange. Dette er vurderingar ein som fasilitator må ta fortløpande og på ståande fot (Johnston, 2005).

## Medskapande og deltakande born ute på havet

I begge møta for 10. desember så er det improvisasjon som er den mest sentrale kunstnariske strategien i samband med forteljarkunst og scenografiske element. Begge møta denne dagen kan kategoriserast som open improviserande form, men med ulike rammer og struktur. Dei har også element frå kategorien open, inviterande, dialogisk form, då eg med begge grupper inviterer dei inn i det sceniske universet (Hovik & Nagel, 2017). Det er likevel ein skilnad i måten eg gjer det på.

Møtet med gruppe B, der dei starta med å byggje båten, vart veldig prega av den ustrukturerte starten med bygginga av båten. Det ligg på meg som fasilitator, der eg gav litt for opne instruksar og ikkje klarte å følgje godt nok opp undervegs i bygginga. Som nemnt over tok det tid før eg fekk samla borna igjen til neste sekvens. Den neste sekvensen var innleia med at eg delte ut forteljarsteinar og at vi saman laga ein skatt som skulle bakast inn i forteljinga. Dette var noko eg hadde tenkt ut på førehand, men som eg ser i ettertid at ikkje var nødvendig, det skapte berre ei ekstra utfordring for meg på korleis inkorporere det i den dramatiske leiken som oppsto etterpå, då borna eigentleg ikkje var så interesserte i å følgje tråden med skatten. Undervegs i møtet fungerer eg som både forteljar og dramatistar, då eg prøver å skape eit narrativ av borna sin dramatiske leik, men eg er på mange måtar på utsida av borna sin leik. Borna sjølve er involvert i den dramatiske leiken, men det er likevel ikkje alle som er med på narrativet eg forsøker å skape saman med dei. Det er fleire som har sin eigen leik gåande i spelerommet dei hadde skapt, og dette førte til at forteljinga forsvann litt til fordel for leiken, og eg fekk ikkje heilt tilbake kjensla av å vere i kontroll over situasjonen (Hovik & Nagel, 2017).

Med gruppe A så vart det eit tydelegare narrativ i den dramatiske leiken, fordi rammene for det vart sett på førehand ved hjelp av definerings av fisken. Eg la i større grad vekk det eg hadde tenkt ut på førehand og let meg heller inspirere av impulsane frå borna, slik som at Sabrina og eg vart troll. Her var dei fleste av borna med i same fiksjonsunivers og eg opplevde at dialogen mellom meg som fasilitator og borna gjekk betre i dette møtet (Hovik & Nagel, 2017)

I begge møta er dei aller fleste borna aktørar gjennom å vere fysisk deltakande, med unntak av dei som vel å vere tilskodarar, og dei er i stor grad også medskapande som både scenografar og dramatistar. Det er dei som bestemmer kva forteljingane og leiken skal handle om, og kva som skjer (Guss, 2015).

I tillegg til dei kunstnariske strategiane, så er også *creative dramatics* i større grad gjeldande under dette møtet enn det har vore i dei andre møta eg har analysert. Begge desse forteljingane, og leiken som oppstår, er i sin heilskap improvisert fram i samarbeid mellom borna og meg. Eg har gitt dei rammene for forteljinga og leiken gjennom oppstarten og tek dramaturgiske val undervegs, men det er gjort etter borna sine innspel og på deira premiss (Braanaas, 2008). Dermed er også det vi skapar unikt for dei to gruppene, og borna har fullt eigarskap til det.



## 5.0 Funn

Eg vil her gå over dei funn og refleksjonar eg har gjort i arbeidet med analysen av mitt praktiske prosjekt. Eg har i denne oppgåva prøvd å svare på problemstillinga mi: *Korleis kom borna sin medskaping, deltaking og eigarskap til syne gjennom dei kunstnariske strategiane eg nytta valde?* Eg har sett på dette gjennom å bruke Hovik & Nagel sin arbeidsmodell for interaktive dramaturgiar i scenekunst for born og Guss sin leikedrama teori.

Det eg ser av korleis prosjektet utvikla seg gjennom hausten 2020 er at det går frå relativt lukka dramaturgiske formar til at det opnast meir og meir. Ved å kombinere kunstnariske strategiar som forteljarkunst og improvisasjon med interaktive dramaturgiar gjennom lek og creative dramatics, så får borna rom til å vere deltakande, medskapande og få eigarskap til si oppleving i større grad enn dei gjorde i starten av prosjektet.

Prosjektet utviklar seg frå å vere meg som aktør som opnar for verbale innspel, til at eg i større grad vert ein fasilitator som legg til rette for at borna skal kunne delta både verbalt og fysisk. Det går frå å vere kultur for born til å bli både kultur med og av born (Jæger et al., 2016). Ein kan også seie at kunstnaren si rolle i mitt tilfelle vert meir underlagt rolla til pedagogen. Som Hovik & Nagel trekk fram, er dramapedagogisk kompetanse viktig når ein arbeidar med opne dramaturgiske formar i møte med born (Hovik & Nagel, 2017). Likevel har det kunstnariske perspektivet vore ein viktig del av prosessen ved at eg har valt å bruke forteljarkunsten og improvisasjon som viktige verktøy og strategiar i møte med borna. Eg finner at forteljarkunsten har eit rikt potensiale for både medskaping og deltaking av born dersom ein er open for dette.

Ved å trekkje borna med inn i skapinga av forteljingane er ein med på å gje borna ein plass dei kan oppleve meining og mestring (Hjermann, 2013), å bli tekne på alvor og sett på som kompetente i utøvarar i møte med kulturen, då dei blant anna frå før har sin eigen leikekultur der dei også nyttar verkemiddel som ein kan kjenne at frå kunsten (Guss, 2015). Gjennom å invitere borna med på å skape forteljingar og opplevingar gjennom creative dramatics, forteljarkunsten og lek, så får dei skape noko på eigne premiss og få eigarskap over noko dei har skapt sjølve. Sjølv om det er i ein vaksenstyrt aktivitet, så vert innspela deira tatt på alvor og gjort nytte av.

Kva skjer med forteljinga når ein vel å trekkje borna inn på denne måten? Som i den dramatiske leiken så finnast det eit narrativ i det som vert skapt, men det er kanskje mindre tydeleg og konsekvent. Gjennom leiken så repeterer ein gjere ting fleire gonger, sånn som i møtet med fisken der trollet angreip fisken fleire gonger. Repetisjon kan ein også finne innan forteljekunsten, men gjerne ikkje på same måten. Det som definerer «den gode forteljinga» er kanskje ein tydeleg start, ei klar handling og ein avklart slutt – ein slutt der ein ikkje kjenner på noko uforløyst (Booker, 2004), og det har gjerne ikkje heilt vore tilfelle for alle dei forteljingane borna og eg har skapt saman. Eg vil likevel seie at det har vore gode forteljingar i den forstand at borna, og eg, har hatt det moro når vi har dikta dei saman og ved å ta i mot innspel frå born så kan forteljingane ende ein heilt annan plass enn det ein først hadde sett for seg. Om ein berre opnar opp for det.

Når ein jobbar med born i barnehagealder er det mange omsyn ein skal ta, og ytre faktorar som spelar inn på korleis ein får gjennomført prosjektet. Dersom eg hadde hatt

meir tid ville eg gjerne ha delt bornegruppa inn i tre grupper med seks born i kvar, framfor å ha to grupper med ni born i kvar gruppe. Eg opplevde nokre gonger i løpet av det praktiske prosjektet at det var utfordrande å fange opp alle innspel, særskilt etter kvart som eg byrja å opne opp forma på møta våre. Her var det ofte dei som ropte høgst som fekk merksemd, og dermed vart det også lettare å «miste» andre.

## **6.0 Sluttrefleksjon**

Eg har i mitt praktiske prosjekt sett på medskaping, deltaking og eigarskap hjå born i fireårsalderen i møte med forteljarkunsten, og i denne skriftlege oppgåva sett på korleis dette kom til syne gjennom dei kunstnariske strategiane eg valde ved å analysere tre av møta eg gjorde i løpet av hausten 2020. I dette analytiske arbeidet har eg sett på både korleis eg som har leia møta har opna opp for deltaking og medskaping, og korleis dette kan føre til eigarskap hjå borna. Eg har også sett på korleis borna har respondert på mine opningar og korleis dei har både delteke og vore medskapande.

Eg gjekk inn i dette prosjektet med eit ønskje om at borna skulle føle oppleve eigarskap i møte med forteljarkunsten gjennom at dei sjølve fekk vere med å leggje premissa for dette møtet gjennom å vere aktivt deltakande og medskapande, om det så var verbalt eller fysisk med kroppane sine. Dette føler eg at eg har oppnådd. Det opplevast under møta som om borna synes det er spennande og artig, og at dei har hatt eit utbytte av møta vi hadde saman.

Som nemnt i funna, så ville eg nok ha gjort nokre ting annleis om eg skulle gjort dette på nytt, men det er ikkje sikkert det hadde latt seg gjere likevel. Å arbeide med kunstnariske prosjekt med born har sine utfordringar, både når det kjem til ytre faktorar som tid, rom og talet på born, men også fordi born er ei målgruppe som er uforutsigbar. Eg har gjennom dette prosjektet kjent at eg har utvikla meg både som kunstnar og pedagog – då eg har utfordra meg sjølv når det kjem til bruk av dei kunstnariske strategiane, samstundes som at eg har vore komfortabel i rolla som fasilitator for borna.

## 7.0 Litteratur

- Austring, B. D. (2018). Det blev en sommerfugl! Om Sommerfuglmodellen og pædagogen som kulturformidler. I B. D. Austring (Red.), *Det blev en sommerfugl. Inspiration til dagtilbudsbørn møde med kunst, kultur og kulturarv* (s. 8-11). Slots- og Kulturstyrelsen.
- Bae, B., Eide, B. J., Kristoffersen, A. E. & Winger, N. (2013). *Temahefte om barns medvirkning*. Kunnskapsdepartementet. Kunnskapsdepartementet.
- Berg, I. T. (2020). *Negotiating the participatory turn: audience participation in contemporary theatre and performance* NTNU, Trondheim.
- Booker, C. (2004). *The Seven Basic Plots. Why we tell stories*. London: Continuum.
- Breel, A. (2017). *Conducting creative agency: the aesthetics and ethics of participatory performance* University of Kent, Kent.
- Braanaas, N. (2008). *Dramapedagogisk historie og teori* (5. utg.). Tapir Akademisk Forlag.
- Dahl, R. (1982). *Georgs magiske medisin* Provo: Gyldendal Norsk forlag A/S.
- dramapedagogikk* i Store norske leksikon på snl.no. Hentet 28. november 2021 frå <https://snl.no/dramapedagogikk>
- Eskild, H. & Hambro, B. (2005). *Snikk, snakk, snute. En praktisk bok om muntlig fortelling* (2. utg.). Ganesa Forlag AS.
- Frost, A. & Yarrow, R. (2016). *Improvisatin in Drama, Theatre and Performance. History, Practice, Theory* (3. utg.). Basinstoke: Macmillan Education.
- Gladsø, S., Gjervan, E. K., Hovik, L. & Skagen, A. (2015). Lek som dramaturgisk veiviser. I S. Gladsø, E. K. Gjervan, L. Hovik & A. Skagen (Red.), *Dramaturgi. Forestillinger om teater* (2. utg., s. 211-218). Universitetsforlaget.
- Guss, F. (2005). Reconceptualizing Play: aesthetic self-definitions. *Contemporary Issues in Early Childhood*, 6(3), 233-243.
- Guss, F. G. (2015). *Barnekulturens iscenesettelser I. Lekens dynamiske verdener*. Cappelen Damm AS.
- Guss, F. G. (2017). *Barnekulturens iscenesettelser II. Dramaturgiske spiraler*. Cappelen Damm AS.
- Haseman, B. (2006). A Manifesto for Performative Research [Paper in: Practice-led Research. Green, Lelia and Haseman, Brad (eds).]. *Media International Australia Incorporating Culture & Policy*, 118, 98-106.

- Hjermann, R. (2013). Kunsten er barnas språk, kulturen deres arena. I M. Bakken & S. B. Hommersand (Red.), *Barn, kunst og kultur* (s. 23-29). Universitetsforlaget.
- Hovik, L. & Nagel, L. (2016). The SceSam Project - Interactive dramaturgies in performing arts for children. *Youth Theatre Journal*, 30(2), 149-170.
- Hovik, L., Nagel, L. (2017) *Deltakelse og interaktivitet i scenekunst for barn* L. Hovik & L. Nagel, Red.). Fagbokforlaget.
- Johnston, C. (2005). *House of Games. Making theatre from everyday life*. London: Nick Hern Books Limited.
- Johnstone, K. (1999). *Impro for Storytellers*. Faber and Faber Limited.
- Jæger, H., Hopperstad, M. H. & Torgersen, J. K. (2016). Barnekultur: kultur for, av og med barn. I H. Jæger & J. K. Torgersen (Red.), *Barnekultur* (s. 11-26). Cappelen Damm Akademisk.
- Lindquist, G. (1997). *Lekens muligheter*. Ad Notam Gyldendal.
- Lwin, S. M. (2017). Narrativity and creativity in oral storytelling: Co-constructing a story with the audience. *Language and Literature*, 26(1), 34-53.
- Neelands, J. (2000). *Drama i praksis. Teori, idèer og metoder*. Gråsten: DRAMA.
- Nelson, R. (2013). *Practise as Research in the arts. Principles, Protocols, Pedagogies, Resistances*. Basingstoke, United Kingdom: PALGRAVE MACMILLAN.
- Nesbakk, M. R., (2020) «Korleis kjem born sin medverknad til syne i arbeid med forteljarkunst?» Studentnummer 730191. Upublisert studentoppgåve, NTNU
- Nesbakk, M. R., (2020) «Borns deltaking i kunst» Prosjektrapport DRA3191 – prosjektemne. Studentnummer 730191. Upublisert studentoppgåve, NTNU
- Polanyi, M. (1966). *The tacit dimension*. Routledge & Kegan Paul Ltd.
- Slade, P. (1995). *Child Play. Its Importance for Human Development*. Jessica Kingsley
- Utdanningsdirektoratet (2017): Rammeplan for barnehagen  
<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan-for-barnehagen/> (30.11, kl. 21:48)
- Wilson, M. (2006). *Storytelling and Theatre. Contemporary storytellers and their art*. Palgrave Macmillan.



## **8.0 Vedlegg**

VEDLEGG 1: Samarbeidsavtale med barnehagen

VEDLEGG 2: Framdriftsplan for hausten 2020

VEDLEGG 3: Invitasjon til deltaking for borna

VEDLEGG 4: Godkjent prosjekt NSD

VEDLEGG 5: Avtale Roald Dahl estate

VEDLEGG 6: Detaljert gjennomgang av møter med utdrag frå logg

VEDLEGG 7: «Manus» for møtet 17.09.20

VEDLEGG 8: Analysetabellar



## VEDLEGG 1: Samarbeidsavtale

Samarbeidsavtale mellom Institutt for Kunst- og medievitenskap,  
NTNU og Skognissen Barnehage.

### Mål og innhald

Martine Røys Nesbakk sitt masterprosjekt utforskar borns deltaking i kunstnariske prosessar med fokus på medskaping og medverknad hjå born i fireårsalderen. Grunna at ho ville gjennomføre masterprosjektet sitt med born i denne aldersgruppa var det naturleg å kontakte ein barnehage. Valet fall på Lundåsen barnehage, då dette er ein barnehage der både masterstudenten, ansatte og born kjenner til kvarandre frå før, då masterstudenten tidlegare har vore tilkallingsvikar ved denne barnehagen. Målgruppa for prosjektet er born i fireårsalderen, og målet til prosjektet er å sjå korleis ein kan leggje til rette for medskaping og merverknad frå born gjennom deltaking i kunstnariske prosessar og korleis dei kan få eigarskap til det kunstnariske produktet. Masterstudenten vil i løpet av hausten 2020 gjennomføre praktiske opplegg for og med borna for å samle inn idear og materiale som skal kunne brukast i hennar praktiske eksamen (torsdag 10. desember) der ho vil gjennomføre ein arbeidsdemonstrasjon.

### Masterstudenten

I faget 3191 skal studenten planlegge, gjennomføre, dokumentere og presentere ei praktisk masterforestilling eller eit praktisk kunstpedagogisk arbeid. For meir informasjon om emnet sjå <https://www.ntnu.no/studier/emner/DRA3191/2017/1#tab=omEmnet>

### Fireårsgruppa som referansegruppe og deltakarar

I dette prosjektet skal fireårsgruppa i barnehagen vere med som referansegruppe og som deltakarar då prosjektet tek for seg medskaping og medverknad. Då det er ei stor barnegruppe er det mest hensiktsmessig for prosjektet at borna vert delt inn i to mindre grupper, både for borna sjølve og for studenten. Studenten vil då gjennomføre sitt opplegg to gonger, ein for kvar gruppe, i sine møter med borna. Borna deltek på sine premiss, det vil seie at dersom det er born som ikkje ønskjer å delta ved eit møte, så skal dei ikkje tvingast til deltaking. Borna deltek i dei opplegg/workshops som studenten planlegg og gjennomfører i løpet av hausten 2020, samt den praktiske eksamen.

### Organisering og ansvar

- Masterstudenten har ansvar for å planlegge og gjennomføre sine opplegg, og har løpande kontakt med kontaktpersonen i barnehagen om eventuelle behov.
- Masterstudenten har ansvar for å følgje dei retningslinjene som er gitt gjennom «Veilederen om smittevern» og frå barnehagen med tanke på smittevern.
- Masterstudenten følgjast opp av rettleiar gjennom heile prosessen.
- Masterstudenten og kontaktpersonen har eit gjensidig ansvar for å varsle dersom arbeidet avvik frå samarbeidsavtalen eller kommunikasjonen mellom student og referansegruppe ikkje fungerer godt.
- Dei vaksne som følgj bornegruppa støtter borna der det trengst.

### Tid

Prosjektet gjennomførast torsdagar i veke 35, 36, 38, 39, 41, 42, 44, 45, 47 og 48.

Masterstudenten og kontaktpersonen avtaler tidspunkt ut i frå kvar borna er med tanke



på rullering, og lokasjon, mellom naturgruppe og base. Dato satt for eksamen er 10.desember (veke 50).

#### Rom og utstyr

Sidan barnehagen har ei rullering der bornegruppa vekslar mellom å vere inne og ute i periodar, så må masterstudenten vere fleksibel og planlegg ut i frå dei føresetnadane det gir. Når bornegruppa er ute nyttar masterstudenten lokasjonen der borna er. Når dei er inne i barnehagen ønskjer masterstudenten å disponere eit rom eller del av rom som kan fråskiljast den delen av bornegruppa som ikkje skal delta til ei kvar tid, og til hensyn for dei borna som eventuelt reserverar seg for deltaking i prosjektet, eller det aktuelle opplegget.

Masterstudenten melder i frå til kontaktpersonen i barnehagen dersom ho treng å låne noko utstyr frå barnehagen, men står i utgangspunktet ansvarleg for eige utstyr. Under eksamensdagen, 10.desember, er det ønskjeleg at eksamenskommissjonen får nytte møterommet utanfor småbarnsavdelinga til pauserom og til munnleg eksamen. Dette for både å gje dei eit privat rom for deira arbeid, men også for å overhalde smittevern ved å minske kontaktpunkt for alle partar.

#### Dokumentasjon

I løpet av prosessen så vil masterstudenten dokumentere eigen prosess gjennom skriftlege notatar/logg, og bruk av fotografering og film. Denne dokumentasjonen vil vere nyttig for det kommande arbeidet med den skriftlege delen av masteroppgåva. Masterstudenten har sendt ut invitasjon til å delta i prosjektet med samtykkeskjema til foreldre/føresette for borna, gjennom barnehagen. Prosjektet er godkjent av NSD og følgjer dei anbefalte forskningsetiske retningslinjene: <https://nsd.no/personvernombud/>

#### Underskifter

---

Styrer, Lundåsen barnehage

---

Instituttleiar, Institutt for kunst- og medievitenskap NTNU

## VEDLEGG 2: Framdriftsplan hausten 2020

Fasane i planen viser til dei Cecilie Haagensen presenterer i kapittelet *Gruppeprosess og faseinndeling i eigenskap teater*. Desse fasane er i hovudsak brukt i arbeid med eigenskap teater, men eg har sett nytten i å overføre dei til mitt arbeid også. Haagensen deler arbeidet inn i fire fasar, nokre av fasane er opne (fase 1 og 2), andre er meir lukka (fase 3 og 4), og dei kan gjerne overlappe kvarandre (Haagensen, 2018).

### Fase 1: Startpunkt og idéutvikling

Arbeidet knytt til dette punktet vart gjennomført første året på master. Det var her eg utforma ideen og kontakta barnehagen om mogleg samarbeid.

### Fase 2: Materialutvikling

Her er det møta med borna og utprøving av ulike idear og metodar som står i sentrum.

### Fase 3: Utforming og strukturering av materialet

Her byrjar ein å lukke prosessen og ser på kva ein har funne ut og startar å utforme det som skal presenterast på eksamen

### Fase 4: Innøving, førestilling og refleksjon

Førestilling i dette punktet er for min del eksamen, der eg viser funn eg har gjort gjennom prosessen. Refleksjon er noko ein i forsking gjennom praksis gjer kontinuerleg, men det får særleg vekt her, då ein skal stake ut vegen vidare for DRA3192

Tid	Kunstnarisk arbeid i barnehagen	Teoriarbeid	Dokumentasjon
August  Fase 1 og 2.	Møte med barnehagen om nærare datoar mtp. rullering 14.august  28.aug: Første møte med bornegruppa (halve gruppa - ute). <i>Georgs magiske medisin</i> (lukka forteljarstruktur) 2. SceSam-modell	Lese relevant faglitteratur  Planlegge første møte med borna	Logg
September  Fase 2	3. sept: Første møte med andre halvdel av bornegruppa (ute). <i>Georgs magiske medisin</i> (Lukka forteljarstruktur) 2. SceSam-modell  17.sept: To møter (eit med kvar halve gruppe) same dag (inne). Eige komponert eventyr (lukka	Lese relevant faglitteratur  Planlegge og lage rammer for møter med borna	Film og bilete dersom løyve av foreldre vert innvilga. Dette vart innvilga til møtet 17.september.  Logg

	<p>forteljarstruktur). 2. SceSam-modell</p> <p>24. sept: To møter same dag (inne). Utgangspunkt i rom (open forteljarstruktur). 5 og 6 SceSam-modell med vekt på 6.</p>		
<p>Oktober</p> <p>Fase 2 og 3</p>	<p>6. okt: Halve gruppa ute. <b>Haustferie</b></p> <p>Open forteljarstruktur med utgangspunkt i det vi finn i naturen rundt oss. 5 og 6 SceSam-modell</p> <p>15.okt: Halve gruppa ute. Open forteljarstruktur med utgangspunkt i det vi finn i naturen rundt oss. Kombinasjon av 5 og 6 SceSam working model</p> <p>29.okt: To møter same dag (inne). <b>(Utsett til tysdag 03.november pga. Covid-19 test)</b></p>	<p>Lese relevant faglitteratur</p> <p>Planlegge og lage rammer for møter med borna</p>	<p>Film og bilete. Både film og foto vert nytta inne. Ute er det berre foto.</p> <p>Logg</p>
<p>November</p> <p>Fase 2 og 3</p>	<p>03. nov: To møter same dag (inne). 5 og 6 SceSam modell med vekt på 6. Utgangspunkt i rom; Båt og hav av bord og stoff, skjell, steinar og mjuke glasbrot.</p>	<p>Lese relevant faglitteratur</p> <p>Planlegge og lage rammer for møter med borna</p> <p>Klargjere for «generalprøve» og eksamen.</p>	<p>Film og bilete. Både film og foto vert nytta inne. Ute er det berre foto.</p> <p>Logg</p>

	<p>5.nov: To møter same dag (inne). 5 og 6 SceSam. Utgangspunkt i materialitet: Stoffbiter, stein og tørka løv.</p> <p>19.nov: Halv gruppe ute. Open forteljarstruktur med utgangspunkt i det vi finn i naturen rundt oss. 5 og 6 SceSam-modell</p> <p>26.nov: Halv gruppe ute. Open forteljarstruktur med utgangspunkt i det vi finn i naturen rundt oss. 5 og 6 SceSam-modell</p>	<p>Skrive prosjektrapport.</p>	
<p>Desember</p> <p>Fase 4</p>	<p>08. Desember: «Generalprøve» To grupper, inne. 5 og 6 SceSam-modell</p> <p>10. desember: Eksamen. To grupper, inne. 5 og 6 SceSam-modell</p> <p>Veke 51: Snakke med borna og personal om deira oppleving.</p>	<p>Lese relevant faglitteratur</p> <p>Klargjere og planlegge til eksamen</p> <p>Planlegge og utforme spørsmål til samtaler.</p>	<p>Film og bilete</p> <p>Både film og foto vert nytta inne. Ute er det berre foto.</p> <p>Logg</p> <p>Notater frå samtalanane.</p>

Haagensen, C. (2018). Gruppeprosesser og faseinndeling i egenskapt teater. I V. Aune & C. Haagensen (Red.), *Teaterproduksjoner. Ti produksjonestetiske innganger*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk/NOASP (Nordic Open Access Scholarly Publishing).

### **VEDLEGG 3: Invitasjon til deltaking i forskingsprosjektet.**

Invitasjon til deltaking i forskingsprosjektet «Borns deltaking i kunst» med samtykke og løyve for bruk av film og/eller fotografi under masterprosjekt hausten 2020 og våren 2021.

Mitt namn er Martine Røys Nesbakk. Nokre kjenner til meg frå før, då eg tidlegare har jobba på Lundåsen barnehage som vikar.

Eg er for tida masterstudent i drama og teater ved NTNU. Denne masteren er praktisk-teoretisk og inneber at eg skal gjennomføre eit praktisk prosjekt denne hausten, som skal vere utgangspunkt for den teoretiske/skriftlege delen av masteroppgåva. Det at eg har jobba ein del som vikar ved Lundåsen barnehage var ein stor del av grunnen til at eg ønskja å gjennomføre mitt masterprosjekt her. Både fordi at her kjenner eg mange av borna og dei kjenner til meg, men også fordi det var gjennom å jobbe med borna her som inspirerte meg til å ta denne masteren og gjere eit prosjekt for og med born. Difor er eg veldig takknemleg for at Lundåsen har takka ja til dette samarbeidet, og eg gler meg til å utforske dei ulike aspekta i prosjektet saman med Uglene denne hausten.

Fokuset for mitt prosjekt er å leggje til rette for borns medverknad og medskaping i kunsten og kunstnariske prosessar. Det eg ønskjer å utforske, og forsøke, er å skape ein soloførestilling der borna skal vere aktive medskaparar gjennom heile den kunstnariske prosessen. Tanken er at borna, på sitt vis, skal fungere som dramaturgar i den kunstnarisk prosessen, og for det kunstnariske produktet, og eg vil utforske ulike måtar borna kan vere aktive medskaparar på. Dette vil eg gjere gjennom workshops der borna skal vere aktive deltakarar og skaparar, der eg skal leggje til rette for at dei bestemmer det som utspelar seg innanfor gitte rammer. Eg tenkjer også å inkludere dei tema som Uglene skal jobbe med gjennom barnehageåret.

I den samanheng må eg også ha dokumentasjon for det praktiske arbeidet eg skal gjere, og eg har i utgangspunktet tenkt å bruke film og/eller fotografi som dokumentasjonsform. Eg ber dermed om løyve og samtykke til å bruke dette, då dette inneber at dykkar born kjem til å vere ein del av denne dokumentasjonen. Det praktiske arbeidet og situasjonane som eg då vil ha løyve til bruka av film og /eller foto, er at eg kjem til barnehagen torsdagar i veke 35, 36, 38, 39, 41, 42, 44, 45, 47, 48 og 50. Torsdag veke 50, 10. desember, er det eg reknar som eksamensdato.

Sidan det er ei stor barnegruppe så vert vert barnegruppa delt i to grupper, der den eine gruppa er med på mitt prosjekt medan den andre gruppa er med på alternativt opplegg i regi av barnehagen, og at vi etterkvart bytter grupper. Det vil seie at eg gjennomfører same opplegg to gonger, ein for kvar gruppe. Dersom det er born som ikkje ønskjer å vere med på mitt opplegg, så kan desse vere med på det alternative opplegget til barnehagen, også etter bytte. Dette gjeld også dersom born der samtykke frå foreldre eller føresatte er gitt, då prosjektet er frivillig å vere med på. Dette er også ein del av aspektet om medverknad hjå born. Dei borna som ikkje er med på opplegget mitt vil ikkje vere i same rom som opplegget føregår. På denne måten vil ikkje dei som eventuelt ikkje samtykkar til å vere med på prosjektet risikere å vere med på opptak av det praktiske arbeidet.

Det er eg og mitt arbeid som skal vere i fokus for filminga og fotograferinga, men det er noko vanskeleg å unngå at borna ikkje kjem med. Ved bruk av filmkamera, så skal dette vere stasjonært, altså stå i ro på ein stad. Dersom det vert bruk av fotografi, så må eg

ha hjelp av dei andre vaksne ved Lundåsen, og dei vil også vite kva som er gjeldande for dykkar born med tanke på samtykke og løyve.

Dokumentasjonen skal berre vere for eige bruk, altså evaluering av arbeidet mitt og for å betre hugse kva som vart gjort/fungerte/ ikkje-fungerte o.l. når eg skal planlegge vidare opplegg gjennom hausten, men også når eg skal skrive den teoretiske delen av oppgåva våren 2021. Opptak vil bli transkribert, og alt av dokumentasjon vil vere lagra på ein ekstern harddisk skal oppbevarast på ein sikker plass, og vere låst inne. All dokumentasjon vil også verte sletta når oppgåva er levert og den har fått sensur. Det vil seie at dokumentasjonen vert lagra fram til seinast 30.06.21 dersom alt går etter planen. Dersom delar av dokumentasjonen, som transkribering eller stillbilete, blir brukt i den skriftlege delen av oppgåva, så skal det ikkje vere mogleg å identifisere dei som er med. Både born og barnehagen vil verte anonymisert ved bruk av andre namn. All dokumentasjon krev samtykke og eg ber om svar på dette innan 26.08.2020. Første møte mellom borna og meg vil finne stad torsdag 27.08.2020, men dette treng ikkje filmast eller fotograferast utover det barnehagen vel å dokumentere for sitt bruk, som det alt finnast samtykke for.

Det praktiske arbeidet avsluttast med ein praktisk eksamensvisning i barnehagen med Uglene rundt starten av desember. Då vil også ein sensor og min veileder vere tilstade. Det er også mogleg at min veileder vil vere tilstade under ein eller fleire av mine workshops gjennom hausten, men dette vil i tilfelle meldast i frå om til dykk i forkant.

På oppdrag frå NTNU har NSD – Norsk senter for forskningsdata AS – vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

Prosjektet er frivillig å vere med på og ein kan når som helst trekkje samtykke utan å gje noko grunn. Alle personopplysningar vil då verte sletta. Det vil ikkje ha nokon negative konsekvensar for den som vel å ikkje delta eller om ein seinare vel å trekkje seg.

Så lenge ein kan identifiserast i datamaterialet har ein rett til:

- innsyn til kva personopplysningar som er registrert om deg og få utlevert ein kopi av opplysningane.
- å få retta personopplysningar om deg
- å få slette personopplysningar om deg, og
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av dine personopplysningar.

Under vil de finne rubrikkar for samtykke og løyve for film og/eller fotografi. Det er mogleg å krysse av på både film og fotografi, eller berre eitt av alternativa, alt ettersom kva de samtykker og gjev løyve til.

- Samtykke til at mitt born\_\_\_\_\_ kan delta i forskingsprosjektet.
- Samtykke og løyve for bruk av filming.
- Samtykke og løyve for bruk av fotografering.

Stad, dato, underskrift foreldre/føresatte:

---

Kontaktopplysningar til prosjektansvarleg Cecilie Haagensen:

E-post: [cecilie.haagensen@ntnu.no](mailto:cecilie.haagensen@ntnu.no)

Telefon: 73596486

Kontaktinformasjon til min veileder Heli Aaltonen:

E-post: [heli.aaltonen@ntnu.no](mailto:heli.aaltonen@ntnu.no)

Telefon: 73596486 / 45675754

Kontaktopplysningar til NTNU sin personvernsombud:

Thomas Helgesen

E-post: [thomas.helgesen@ntnu.no](mailto:thomas.helgesen@ntnu.no)

Telefon: 93079038

Kontaktinformasjon til meg, dersom det skulle vere nokre spørsmål:

E-post: [martir@ntnu.no](mailto:martir@ntnu.no) / [martine.nesbakk@gmail.com](mailto:martine.nesbakk@gmail.com)


Telefon: 95860802

Med vennleg helsing

Martine Røys Nesbakk

Trondheim, 19.08.2020





## NSD sin vurdering

### Prosjekttittel

Borns deltaking i kunst

### Referansenummer

110217

### Registrert

22.08.2020 av Martine Røys Nesbakk - martir@stud.ntnu.no

### Behandlingsansvarlig institusjon

Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet / Det humanistiske fakultet / Institutt for kunst- og medievitenskap

### Prosjektansvarlig (vitenskapelig ansatt/veileder eller stipendiat)

Heli Aaltonen, heli.aaltonen@ntnu.no, tlf: 73596886

### Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

### Kontaktinformasjon, student

Martine Røys Nesbakk, martine.nesbakk@gmail.com, tlf: 95860802

### Prosjektperiode

27.08.2020 - 30.06.2021

### Status

11.09.2020 - Vurdert

### Vurdering (1)

#### 11.09.2020 - Vurdert

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet 11.09.2020 med vedlegg, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og NSD. Behandlingen kan starte.

#### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde

dette til NSD ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

[https://nsd.no/personvernombud/meld\\_prosjekt/meld\\_endringer.html](https://nsd.no/personvernombud/meld_prosjekt/meld_endringer.html)

Du må vente på svar fra NSD før endringen gjennomføres.

#### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 30.06.2021.

#### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra foresatte til behandlingen av personopplysninger om barnehagebarna. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som foresatte kan trekke tilbake. Barnehagebarna vil også samtykke til deltakelse.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være foresattes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

#### PERSONVERNPRINSIPPER

NSD vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

#### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: åpenhet (art. 12), informasjon (art. 13), innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), underretning (art. 19), dataportabilitet (art. 20).

NSD vurderer at informasjonen som de registrerte og deres foresatte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Vi minner om at hvis en registrert/foresatt tar kontakt om sine/barnets rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

#### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

NSD legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

#### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

NSD vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

2.12.2020

Meldeskjema for behandling av personopplysninger

Kontaktperson hos NSD: Lene Chr. M. Brandt  
Tlf. Personverntjenester: 55 58 21 17 (tast 1)

## VEDLEGG 5: Avtale med Roald Dahl estate

**david higham**  
literary film and tv agents

### PERMISSIONS AGREEMENT

14<sup>th</sup> August 2020

Martine Nesbakk  
[martine.nesbakk@gmail.com](mailto:martine.nesbakk@gmail.com)

Dear Martine,

**Roald Dahl, GEORGE'S MARVELLOUS MEDICINE**

We shall be glad to grant you non-exclusive permission to translate and adapt into the Norwegian language only the material mentioned below *free of charge*. However, the permission is granted in the following terms:

- The translated/adapted material may only be used in the university context and this is limited to sharing with your tutors, with classmates in class discussions and with those grading the work.
- The translated material must not be shared online. If uploading to a specific site is necessary for grading purposes, the platform must be disclosed to David Higham Associates when permission is requested.
- The translated material must not be used for commercial purposes, in any circumstances.
- Acknowledgement should be made to the author and to the publishers, quoting the source of the extract.

#### Details

**Author:** Roald Dahl


**Particulars of extract:** GEORGE'S MARVELLOUS MEDICINE © The Roald Dahl Story Company Ltd, 1981, by Permission of David Higham Associates

**Use:** Translation/adaptation into Norwegian for MA in Drama and Theatre at NTNU in Trondheim

**Further details:** "MA project to use art, literature, and storytelling in workshops with children in the ages of four and five, in a way to focus on children's right to participation. I would like to adapt the book into a shorter story where I focus on the making of the medicine and the effects it has on his grandmother. I also wish to adapt it in such a way as to let the children decide what George puts in the medicine that makes his grandmother grow, and in the one that ultimately makes her shrink. My goal is to let the children be active collaborators in the storytelling by taking their contributions seriously, and create an environment where they feel seen and heard. The adaptation will be used in the workshops with the children in an oral form as storytelling. The written adaptation will be used as an appendix for my written MA thesis, as a part of the documentation for my MA project."

Please do not hesitate to contact me if you have any questions.

Yours sincerely,

DocuSigned by:  
  
C:17934ECC259405

Johanna Clarke  
Translation Rights  
[johannaclarke@davidhigham.co.uk](mailto:johannaclarke@davidhigham.co.uk)

David Higham Associates Ltd, 6<sup>th</sup> Floor Waverly House, 7-12 Noel Street, London W1F 8GQ

**Certificaat betreffende voltooiing**

Envelop-id: 4F6AB040685441F09E5DCB4CECA59C93	Status: Fulliert
Onderwerp: Permission free-of-charge_R_Dahl_GEORGE'S MARVELLOUS MEDICINE_Norwegian_Unive	
Bronenvelop:	
Documentpagina's: 1	Handtekeningen: 1
Certificaatpagina's: 2	Paraaf: 0
Begeleide ondertekening: Uitgeschakeld	Oprichtgever van envelop:
Stempel met envelop-id plaatsen: Uitgeschakeld	Johanna Clarke
Tijdzone: (UTC) Dublin, Edinburgh, Lisbon, London	David Higham Associates Ltd, Waverley House
	7-12 Noel Street
	LONDON, London W1F 8GG
	johannaclarke@davidhigham.co.uk
	IP-adres: 213.121.54.194

**Records bijhouden**

Status: Origineel	Houder: Johanna Clarke	Locatie: DocuSign
14-aug-2020   14:15	johannaclarke@davidhigham.co.uk	

**Ondertekenaargebeurtenissen**

Johanna Clarke  
johannaclarke@davidhigham.co.uk  
Translation Rights  
David Higham Associates  
Beveiligingsniveau: E-mail, Accountverificatie (geen)

**Handtekening**

DocuSigned by:  
*Johanna Clarke*  
C1792429C255409

Signatur tatt i bruk: Forhåndsdefinert stil  
IP-adres gebruiken: 213.121.54.194

**Tijdstempel**

Sendt: 14-aug-2020 | 14:15  
Bekeken: 14-aug-2020 | 14:15  
Signert: 14-aug-2020 | 14:41  
Freeform-ondertekening

**Elektronische document- en handtekeninginformatie:**  
Niet aangeboden via DocuSign

**Gebeurtenissen voor persoonlijke ondertekenaar**

**Handtekening**

**Tijdstempel**

**Verzendingsgebeurtenissen voor bewerker**

**Status**

**Tijdstempel**

**Verzendingsgebeurtenissen voor vertegenwoordiger**

**Status**

**Tijdstempel**

**Verzendingsgebeurtenissen voor tussenpersoon**

**Status**

**Tijdstempel**

**Gecertificeerde verzendingsgebeurtenissen**

**Status**

**Tijdstempel**

**Carbon copy-gebeurtenissen**

Martine Røys Nesbakk  
martine.nesbakk@gmail.com  
Beveiligingsniveau: E-mail, Accountverificatie (geen)

**Status**

**Gekopieerd**

**Tijdstempel**

Sendt: 14-aug-2020 | 14:41  
Bekeken: 25-aug-2020 | 09:16

**Elektronische document- en handtekeninginformatie:**  
Niet aangeboden via DocuSign

**Vitnehendelser**

**Handtekening**

**Tijdstempel**

**Notarisgebeurtenissen**

**Handtekening**

**Tijdstempel**

**Gebeurtenissen voor  
envelopsamenvatting****Status****Tijdstempels**

Envelop sendt	Gehasht/gecodeerd	14-aug-2020   14:41
Gecertificeerd sendt	Beveiliging gecontroleerd	14-aug-2020   14:15
Ondertekening fullfort	Beveiliging gecontroleerd	14-aug-2020   14:41
Fullfort	Beveiliging gecontroleerd	14-aug-2020   14:41

**Betalingshendelse****Status****Tijdstempels**

## VEDLEGG 6: Detaljert gjennomgang av møter med utdrag frå logg.

27.08 og 03.09

Utgangspunktet for desse møta var Roald Dahl boka *Georgs magiske medisiner* (Dahl, 1982), som eg har adaptert til at Georg berre lagar to medisiner (den som får bestemora til å vekse, etterfølgd av den som får ho til å krympe), der borna avgjer kva som skal opp i medisinen. Opplegget starta med at eg fortalte at eg skulle fortelje dei ei historie som handla om ein gut ved namn Georg, som bur saman med foreldra sine og ei slem bestemor. Deretter brukte eg kollektiv teikning (Neelands, 2000) der borna var med å teikne huset til Georg. Eg måtte i begge gruppene starte teikninga ut i frå forslaga til borna, men det tok ikkje lang tid før borna ville teikne sjølv (Vedlegg X bilete av Georg sine hus). Dette skapte stort engasjement, og her er ligg det på meg som fasilitator og kjenne på når ein skal avslutte aktiviteten og gå vidare (Johnston, 2005). Vidare fortalte eg historia og då vi kom til lagning av medisinen tok eg i mot alle forslaga borna kom med. Av erfaring visste eg at innspel som bæsj, tiss, promp og liknande kom til å komme, som dei gjorde, men også desse innspela vart med i gryta til stor glede for borna. Her viser eg at innspela deira vert tatt på alvor og at dette er situasjonar der dei er med som premissleverandørar og produsentar, og vi stiller på tilnærma like vilkår (Jæger et al., 2016).

17.09

som var første møte inne, hadde eg laga ein forteljing på førehand der eg hadde lagt inn rom der borna skulle komme med innspel eller vere med fysisk. Innspela eg hadde lagt inn at borna skulle få komme med var blant anna namnet på hovudpersonen (eg hadde introdusert denne som jente), kva ho skulle ha med seg i sekken, kva/kven ho møtte i skogen, og korleis ho eventuelt måtte komme seg forbi desse og korleis monstret skulle nedkjempast. Rom for fysisk deltaking var at dei skulle hjelpe ein karakter med å plukke ned stjerner frå himmelen, og til slutt finne skatten som var gøymt i rommet. Igjen er det opp til meg som fasilitator å kjenne på når ein avsluttar ein del og går vidare til neste, men også kva av innspela ein tek i mot og gjer nytte av. I pakking av sekken tok eg i mot alle innspel, men det var ikkje alle som vart tatt opp att seinare i historia. Også her kom innspel som bæsj, tiss og promp og desse vart nytta til å skremme vekk skumle og farlege vesen (som tigrar, rever og Hulken) i skogen. Eit anna fellestrekk med desse møta var at eg her la vekt på element og verktøy frå forteljarkunsten gjennom den narrative oppbygginga av historia – overvinne monstret/den slemme (Booker, 2004) – og bruk av gestar, då særleg fordi eg ikkje hadde med nokon kostymer eller rekvisittar. Her var også innspel av improvisasjon ved å implementere innspela borna kom med undervegs.

Under møtet 24.09 valde eg å utforske ein meir open struktur på møtet, der eg skulle ta utgangspunkt i impulsane borna fekk frå rommet eg skapte ved hjelp av blått stoff. Eg hadde ikkje kjøpt nok stoff, så rommet vart ikkje heilt etter min visjon. Det stoppa ikkje borna heldigvis. Begge gruppene meinte at dette var eit hus, og det vart skapt ulike historiar om kven og kva som budde der. Borna tok på seg desse rollene og dette møtet vart ein form for dramatisk leik for begge gruppene. Dette møtet kan kategoriserast som open improvisatorisk form, og eg som fasilitator kjende på kjensla av tap av kontroll på nokre tidspunkt, der den dramatiske leiken vart noko kaotisk (Vedlegg X modell). Samstundes opplevde eg at borna hadde det moro med leiken, utforsking av dei ulike karakterane og skapinga av forteljingane dei lagde, men eg opplevde også at det var enkelte born som «datt ut» Utdrag frå logg:

24.09.20

«Umiddelbar tanke er at det i dag var for ope og for uklare rammer (Hadde ein mistanke om det, men det er spennande å prøve ut likevel). [...] Enkelte mista fort fokus og dei hadde nok hatt godt av litt klarare rammer. Vanskelegare å runde av og samle ungane i ein sånn struktur -> dette må eg finne strategiar på, der eg som voksen og fasilitator ikkje «mistar» borna undervegs» (Utdrag logg 24.09.20)

Neste møte var tysdag 06.10. Denne veka var det haustferie og det var ein del born som var vekke. Dermed tok personalet og eg den avgjerdsla om å prøve å gjennomføre opplegget med heile gruppa, som var tolv born. Til dette møtet laga eg ein forteljarboks som borna skulle fylle med ting dei fann rundt oss i naturen. Det vart veldig mykje kongler, pinnar, løv og mose. Desse vart nytta som eit slags figurteater, der kongler blant anna vart grisar og grisar, løv og pinnar vart skogen og liknande. Nyttå desse til å understreke det eg fortalde. Eg hadde på førehand bestemt at denne forteljinga skulle handle om Georg, altså ein karakter dei har møtt tidlegare. Narrativt vart det ein ny forteljing der helten Georg måtte overvinne monstret ved å fange det i ei felle, laga av pinnar, og få tak i nøkkelen for å låse opp fangeholet der monstret hadde stengt inne all hjorten og rådyra.

Eg hadde også vore i fjæra og funne steinar. Borna fekk trekke kvar sin stein, som ein av dei vaksne skreiv namnet deira på. Desse steinane har den funksjonen at den signaliserer når nokon vil ha ordet, ved at dei løftar den opp. Ein slags variant av å rekkje opp handa. Utfordrande med så stor barnegruppe, både fordi det er fleire å ta omsyn til og få med på det som skjer, men også på måten eg valde å plassere dei. Eg plasserte borna i ein stor halvsirkel, men det vart eit problem at dei som satt lengst ut mot sidene, altså nærast meg, hamna slik at eg ikkje såg dei så godt som eg gjerne skulle gjort. Noko anna eg oppdaga var at eg vart veldig stillesitjande, noko som eg følte gjekk utover måten eg fortalde på. Mot slutten av forteljinga merka eg både på meg sjølv og borna at vi trengte rørsle, så når det kom til at vi skulle til slottet til monstret og setje fri dei som var fanga, så reise vi oss og gjekk til eit tre som var slottet.

Utdrag frå logg: «Beste reaksjonen var etter at det var gått litt tid frå innspelet kom til eg brukte det var: «(gisp) Det var det eg sa»». (Logg, 06.10)

13.09. Tysdag på Heli skulle kunne komme. Same som møte 5, men med justeringar kombo av fem og seks

Til dette møtet hadde eg planlagt nokre justeringar ut i frå det eg opplevde og fann ut ved førre møtet. Blant anna var det å avgrense kor mykje borna kunne legge opp i boksen. I tillegg sa eg at eg skulle komme rundt og samle inn, der eg også spurte om dei ville leggje til nokre andre kvalitetar til det dei putta opp i boksen; til dømes at konglen er ein pappa, steinen er eit fotspor, barken er monster og liknande (faktiske innspel). Den forteljinga som utspelte seg denne gongen tok også utgangspunkt i hovudkarakteren Georg, som måtte overvinne eit monster. Denne gongen vart det borna som var med på å bygge fella, dette skjedde ved at eit av borna reiste seg og sa «eg kan hjelpe deg å bygge fella», noko eg takka ja til og opna for at fleire kunne hjelpe til.

Historia enda med at monstret vart lurt inn i fella og må bli der til det er «eitt dødt skjelett».



Denne gongen var eg også meir fysisk og brukte kroppen i forteljinga: «(...) eg kjenner for min eigen del at eg føretrekk å vere meir fysisk og at det også held noko meir på merksemda og interessen hjå borna» (Logg, 13.09)

#### 03.11:

Til dette møtet hadde eg ein idé om å snu opp ned på eit bord og gjere det om til ein båt ved hjelp av stoff. (Dette var ein idé som eg først prøvde ut i Sjiraffen sine lokalar. Der fann eg blant anna ut at eg måtte ha ein anna farge på stoffet på sjølve båten, og måtte ha tak i ei skrutvinge for å skape baug).

Utgangspunktet for dette møtet var å gjennomføre ein open improvisatorisk form, men litt meir klare rammer. Eg hadde laga til båten på førehand av eit born snudd opp ned, svart stoff og ei skrutvinge. Rundt båten var hav/vatn av blått stoff og skjell, steinar og mjuke glasbrot rundt som fjære. Eit balansebrett frå barnehagen fungerte som landgang. I tillegg hadde eg med ein sydvest som kostyme og la fram for borna at når eg hadde på den var eg Kaptein, og utan så var eg Martine.

Borna vart invitert opp i båten som mannskap. Gruppe ein fekk kvar si flaske med vatn til å lage skvulpelydar. Dei byrja fort å riste hardt på flaskene, noko som eg brukte til at det vart storm og borna ropte «vi synker» og vi måtte låre vatn og mange falt om bord. Båten vart fiksa og sank mange gonger, og Kapteinen måtte reddast frå ei øy han hadde skylt opp på etter forliset. I møtet med gruppe ein vart det med andre ord vekt på den dramatiske leiken.

Til møtet med gruppe to gjorde eg nokre justeringar. Før borna i denne gruppa kom ombord i båten, så stilte eg spørsmål for å definere kva type båt det var, kven vi skulle vere (Kapteinen og dei) og kvar båten skulle. Båten vart då eit sjørøverskip/skute, som skulle til Blåbærtoppen (ein fast turplass for borna). Eg tok så på meg rolla som Kaptein og fortalte at eg trengte hjelp til å få frakta skipet mitt til Blåbærtoppen og om dei visste kor det er og om dei kunne hjelpe meg. Sidan det ikkje går an å segle til Blåbærtoppen, så måtte eg fram med tryllestøv (glitter) og borna måtte komme med innspel av ting som gjer dei glad for at vi skulle kunne fly (idé stjålet frå Peter Pan). For å lande måtte Kapteinen sleppe roret og båten styrta nedover, redningsvestar vart gjort om til fallskjermar. Kapteinen takka for hjelpa.

Begge opplegga vart avslutta med at borna fekk plukke ein ting frå fjæra og putte opp i boksen, med det dei synes var kjekkast/artigast/spennande av det vi hadde gjort.

Med gruppe ein så kjende eg igjen på kjensla av tap av kontroll, men eg såg og merka at borna hadde det moro i den dramatiske leiken, noko som også viste seg i tilbakemeldingane med det dei putta i boksen. Ein gjenganger her var at det var artig å bade i vatnet.

Til gruppe to gjorde eg som sagt justeringar, for å ramme inn opplegget endå litt tydlegare, for å sjå kva det hadde og seie for utfallet. Her vart det meir eit tydleg narrativ i leiken, då vi hadde eit oppdrag. Tilbakemeldingane her var at det var kjekt å reise til Blåbærtoppen og bruk av glitter (tryllestøv).

## 05.11

Denne dagen bestemte eg meg for å prøve å starte med gruppe to for å sjå om det hadde noko å seie for utfallet av møtet, då eg gjerne har justert meg litt mellom dei to gruppene. Det var to born som ikkje var komne endå, så det var ei gruppe på sju born som starta.

Eg starta møtet med at dei sette seg i ein halvsirkel rundt meg og eg hadde med tre ulike materialitetar; blått stoff (klipt opp i mindre bitar), steinar og tørka løv. Vi tok for oss ein materiale i gangen, der vi tok på det og snakka om kva det var og kva anna det kunne vere. Det blå stoffet kunne til dømes vere vatn, steinar kunne vere skjell, og lage lys, og løvet kunne vere skjegg eller krone. Her var det eg som styrte samtalen og som kom med mange av forslaga. Deretter fekk borna velje ein ting frå ein av haugane som dei skulle putte opp i forteljarboksen. Her fekk borna også velje om det skulle vere det det var, eller leggje til ein anna kvalitet/føring på kva det var. Dette gjorde eg med begge gruppene, men utfallet av opplegget vart likevel annleis. Rekkefølge for kva gruppe som starta hadde ikkje noko denne gongen, med unntak av at det vart fleire born då gruppa som starta sist kom.

Hjå gruppe to (som starta) vart historia til gjennom ein kombinasjon av at eg fortalde, og dei leika og styrte dramaturgien. Eg starta med å ta innspela til borna: noko av det som vart lagt i boksen vart til ein skatt som borna gøymde og ein stoffbit vart ei superhelt-kappe. Ho som la opp i superhelt-kappa fekk også bestemme at denne superhelten skulle heite Blinke Stjernelill. Med ein gong eg tok på meg rolla som Blinke Stjernelill og skulle leite etter skatten, så sprang borna bort til gøymeplassen og fann fram skatten for meg. Historia vart til simultant gjennom leik, og kvar gong eg tok fram ein ny ting frå boksen så vart det bakt inn i det som skjedde. Eg avslutta dette møtet ved å samle alle tinga og borna, og gjenfortalte det vi hadde gjort.

Med gruppe ein (som kom inn etterpå), kom også dei to borna som ikkje hadde kome tidlegare, dermed vart det elleve born i dette møtet. Etter at borna hadde lagt sine innspel i boksen, så sette dei seg rundt meg i ein sirkel og eg brukte dei ulike tinga dei hadde putta i boksen som eit slags figurteater i midten av sirkelen. Borna her var meir tilskodarar/tilhøyrarar, men fekk etterkvart roller som figurar/monster som hovudkarakterane slangen Slange-Pete og marihøna Susie møtte på sin tur gjennom skogen. På dette tidspunktet byrja nokre av borna å bli urolige, og ville heller spele ut desse karakterane enn å høyre meir på kva hovudkarakterane skulle gjere. Då valde eg å avslutte historia, då eg også kjende på at vi hadde sitte stille, og historia hadde vart litt for lenge. Det vart nok ein litt brå avslutning på sjølve historia, men eg fekk ikkje inntrykk av at det gjorde noko for borna, då dei var meir opptekne av å vere ulvar på dette tidspunktet. Noko av grunnen til at det tok så lang tid var at eg gjekk rundt heile sirkelen for å høyre kva type dyr eller skapningar dei skulle vere, og deretter bake dei inn i historia. Sidan det var så mange born, så tok dette lenger tid enn det skulle ha gjort. To born ekstra har litt å seie, samstundes som at det ligg på meg som fasilitator å ta dette med inn i rekninga. Det er også ein utfordring som er knytt til medskaping og deltaking, skal ein ta runden så alle får komme med innspel? For barnehageborn så vil eg seie at det er viktig, for det appellerer til deira rettferdssans og at alle skal med.

## 19.11

Utgangspunktet for dette møtet var å nytte naturen rundt oss som i møta 06.10 og 13.10, men då eg vakna denne dagen, så hadde det kome ganske mykje snø og eg fann ut at eg måtte gjere endringar på opplegget. Tenkte at eg då skulle ta utgangspunkt i snøen og lage ei historie om snødronning/snøprinsesse/snøprins/snøkonge. Då eg kom fram til lokasjonen der eg skulle vere, så var heile barnegruppa der allereie, dette var

fordi det framleis snødde ein del og her kunne dei vere under tak (gapahuk) under måltidet. Vanlegvis har eg brukt denne gapahuken som base når vi har hatt møter ute, men eg hadde på førehand bestemt meg at vi skulle bruke ein anna del av denne plassen. Eg valde meg ut ei klynge tre som eg tenkte kunne fungere som slottet til snøfolket. Planen var at vi skulle dele barnegruppa som vanleg, og den gruppa som ikkje skulle vere med på mitt opplegg denne dagen skulle gå vidare til ein turplass litt lenger oppe i skogen.

Dei var litt bak skjema denne dagen, så borna måtte ete først før eg kunne starte med opplegget. Undervegs i måltidet vart det meir og meir tydleg at det var fleire born som var kalde og fraus. Det vart etterkvart bestemt at desse borna skulle trekke tilbake til barnehagen og eg skulle gjennomføre mitt opplegg med resten, altså tolv born. Eg har ein mistanke og kjensle av at overgangen mellom måltidet og mitt opplegg vart litt rart for borna, då det vart dorunde og ein vikar som var med denne dagen starta på ein leik dei synes var artig. Eg prøvde å bruke denne leiken som ein overgang over til mitt opplegg, men det fungerte ikkje heilt. I tillegg var det framleis born som fraus og eg prøvde å bruke rørsle for å få varme i dei. Eg starta dermed med at vi skulle lage ein snødans for å få det til å stoppe å snø. Her gjentok eg rørsler som nokre av borna gjorde og fekk dei til å gjenta dei. Etter dette introduserte gav eg dei roller som snøfolk og tok dei med til klynga med tre, der dei fekk i oppgåve å pynte slottet med blå stoffbitar (bilde?). Sidan vi var ute, det var mange born og eg prøvde å halde oss i aktivitet for at dei ikkje skulle fryse, så vart det utfordrande å halde på merksemda til borna, men også å engasjere alle. Det tok ikkje lang tid før eg i samråd med personalet valde å avslutte opplegget. Her kan ein reflektere over om det å prøve å gjennomføre opplegget til tross for lite planlegging og uforutsette utfordringar, og særskilt med tanke på at det var tydleg at nokre av borna var meir fokuserte på at dei fraus enn noko anna. I ettertid tenkjer eg at det nok hadde vore betre om borna berre fekk returnere til barnehagen og at eg kom att ein anna dag. Skal ein gjennomføre berre for å gjennomføre? Kva sit borna att med etter i dag? Kva sit eg att med etter i dag? Dette er situasjonar ein kan komme opp i som fasilitator, og er blant etiske vurderingar ein må ta på ståande fot når ein er i situasjonen (då særleg i arbeid med born)

#### 26.11

Også dette møtet var annleis enn planlagt. Fekk melding same dag om at det vart endring i planane, då borna skulle hente juletre i skogen og ha måltidet i barnehagen. Dermed måtte eg gjere om på planen min, som var å gjennomføre tilsvarande opplegg som 13.10, med mogleg utgangspunkt i snøfolket vi snakka om 19.11, sjølv om snøen var nesten regna vekk. Eg vurderte å gjennomføre opplegget i eit uteområde ved sidan av barnhagen (uteområdet i barnehagen ville truleg ha andre born til stades, og det ville vere vanskeleg å halde på merksemda og samtidig ikkje la seg forstyrre av andre), men då eg kom fram så regna det mykje og då eg møtte borna var det tydleg at dei var slitne etter turen i skogen. Eg bestemte meg difor å gå for plan B som eg hadde utarbeidd i hovudet på bussreisa til barnehagen.

Dei var litt bak skjema denne dagen også, så venta saman med borna medan dei åt maten sin. Etter mat delte vi opp gruppene og det tok litt tid med påkledning av den gruppa som skulle ut først. På grunn av ein misforståing, så vart det sagt at begge gruppene skulle få gjennomføre opplegg. Dette hadde eg ikkje heilt rekna med og planlagt for, men ville gjennomføre det sidan det vart sagt og sidan det var noko amputert gongen før.

Det eg valde å gjere var å ta opp att tråden med snødrønning og borna fekk teikne slottet hennar gjennom kollektiv teikning. Ut i frå desse teikningane så la eg fram kva

problem snødronninga hadde og trengte hjelp til. For gruppe to (som var først ute), så vart det teikna mange soler og dermed så var det så varmt at snødronninga ikkje klarte å lage snø aleine, og borna måtte hjelpe ho med dette. Innspel som kom var blant anna å bruke steinen sin som magisk kraft og å teikne inn snø i biletet. Eg lanserte også ideen om å klippe ute snøkrystallar i papir. Dette brukte vi den resterande tida i opplegget på, borna klipte i papir ved hjelp av rettleiing av meg og den vaksne som var saman med dei. Snøkrystallane og papirbitane som vart klipt ut la vi over og saman med teikninga av slottet. For gruppe nummer ein (som kom inn etter), så vart det teikna inn snø i teikninga frå start, men det vart også teikna inn ein blind og lam far, dermed vart problemet at snødronninga trengte hjelp til å lage snø fordi ho ikkje kunne få hjelp av faren sin.

Møta denne dagen vart noko amputerte då det gjekk mykje tid til på-og avkledning i tillegg til at dei i utgangspunktet var noko bak skjema for dagen. Nokre born vart også henta medan eg gjennomførte desse opplegga, då det var ut på ettermiddagen. Dei borna som vart henta var ikkje med på opplegget i det dei vart henta, men det kom inn foreldre som skulle hente ting. Dette forstyrra heldigvis ikkje borna i stor grad, då dei var fokuserte på oppgåva om å lage snø.

## VEDLEGG 7: Historie for møtet 17.09.20

**Oransje skrift:** Direkte ønske om innspel frå borna

**Blå skrift:** Moglege utfall tenkt på førehand, eventuelle forslag å gje borna om dei ikkje kom med nokon.

**Grøn skrift:** Narrativt val jfr. Folkeeventyr.

Det var ein gong ei jente som heitte \_\_\_\_\_ og ho budde på/i/ved/\_\_\_\_\_. Ein dag ho var ute på tur såg ho noko som kom seglande ned elva. «Ein flaskepost!» Ho sprang ned til elva og prøvde å få tak i den. (**Korleis får ho tak i flaskeposten?**)

Etter litt om og men, så får ho tak i flaskeposten og opnar den, inni den er eit brev og: «eit skattekart!».

Leser brevet:

«Til den som finner dette brevet, du er den heldige utvalgte til å finne skatten til Triton den store. Jeg har lett lenge og har endelig funnet kartet, men er jeg er for gammel til å reise ut på eventyr. Derfor sender jeg ut denne flaskeposten med kartet i håp om at den som finner det er verdig oppdraget.

Dra ut på eventyr og lykke til.

Hilsen Skjeggstub»

Så spennande! Ein skatt! Men før \_\_\_\_\_ skal reise på eventyr, så må ho heim og pakke sekken sin. **Kva treng ein når ein skal på tur eller eventyr?** \_\_\_\_\_ pakkar sekken sin. **Sikker på at ho har alt ho treng?** Då startar vi på eventyret.

**Tre hinder.**

Kjem først til ein skog. «**Hysj! Kva var den lyden?**» **Kanskje noko farleg vi må unngå?** (om borna kjem med innspel, følg dei. Om ikkje: skogstøll). **Liste oss rundt? Bli oppdaga? Springe? Angripe?**

Turen går vidare til eit hus. «**Kven bur her?**» Hjelpe den som bur her med å plukke epler/stjerner. **Er vedkommande snille eller slem?** (Bakhandsforslag: Heks).

Kjem til slutt til ei borg (**ved sjøen?**) **Kven bur her?** Her skal skatten vere. **Lure/hjelpe den som bur her -> syng eller danse? Overvinne den som bur her?**

**Skattejakt.** Alle hjelper til med å leite. **Skatten er gøymd. Finne skatten og utforske den saman.**

**Takke for hjelpa og avslutte fortellinga:** \_\_\_\_\_ reiste heim med skatten sin og fortalde familien sin om eventyret sitt og planla sitt neste eventyr.

## VEDLEGG 8: ANALYSETABELLAR

Kva/ Oppbygging	Tid	EG (Guss)	BORNA (Guss)	BORNA (Hovik & Nagel)	EG (Hovik & Nagel)
Intro m/ invitasjo	Rundt 2 min	• Dram aturg	• Tilskod arar	• 2: Deltaki ng	• 2: Utveljan

n til å delta. - Sette tid og stad	(på kamera – borna var komne på plass før eg skrudd e på kamera et)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramatistar</li> </ul> - Laga rammeforteljing på forkant	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramatistar</li> <li>• Scenografar</li> </ul> - I den forstand at dei bidreg til korleis huset til hovudkarakteren ser ut	gjenno m verbale tilbod -Mange innspel	de funksjon - Namn på hovudkarakteren - Kvar bur karakteren?  - Kva ein veljer å følgje opp og ikkje.
Del ein: Start og første hinder	rundt 10 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramaturg</li> <li>• Regissør</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Dramatistar</li> <li>• Regissørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul> - «No sprækk den snart» (om sekken) - Ber meg kaste bæsje på tigeren før den kan ta meg - Tigeren kjem fleire gonger	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6: Lyttande og improviserende funksjon</li> </ul> - Kva pakkast i sekken? - Kvifor ha med bæsje og tisse? - Kven er første hinder (tiger)?
Del to: Andre hinder	rundt 3-4 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> </ul> Skilje mellom karakterar og forteljar i kroppen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Aktørar</li> </ul> - Dei hjelper med å plukke stjerner	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6: Medskapande deltaking</li> <li>• 4: Fysisk eller scenografisk interaksjon</li> </ul> - Deltek i scenerommet med kroppane sine	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6</li> <li>• 3: Instruerande funksjon</li> </ul>
Del tre: Tredje og siste hinder	rundt 4 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramatistar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Dramatistar</li> <li>• Aktørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul> - Syng monstret i søvn	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6</li> <li>• 3?</li> </ul>

			<ul style="list-style-type: none"> <li>• Regissørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 3: Deltaking gjennom speiling av sceniske handlingar (?)</li> </ul> <p>- Ler av monstret – han reagerer på det</p>	
Del fire: Overvunne monstret. Finne skatten og utforske denne. Avslutte historia	Rundt 5 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Aktørar</li> </ul> <p>- Hjelper med å faktisk finne skatten</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 4</li> <li>• 3</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 4: Dirigerande funksjon</li> </ul>
Avslutning økta	Rundt 2min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Pedagog?</li> </ul> <p>- Snakkar om skjella med rette namn (olbogeskjel, blåskjel, hjarteskjel)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1: Stille, absorbert betraktning</li> <li>• 3</li> </ul> <p>- Forslag til kvar eg kunne gøyme skatten for neste gruppe</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1: Monologisk funksjon</li> </ul>

17.09.20: Gruppe A: 9 born, 1 vaksen – Nærbilde: Pakking av sekken (akseptere tilboda om bæsje og tisse)

Kva/ Oppbygging	Tid	EG (Guss)	BORNA (Guss)	BORNA (Hovik & Nagel)	EG (Hovik og Nagel)
--------------------	-----	--------------	-----------------	--------------------------	------------------------

Intro m/invitasjo n - Sette karakter og stad	Under 1 min (på kamera )	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramatik ar</li> <li>• Dramatu rg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 3?</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul>
Del ein: Oppbyggin g og første hinder	Rundt 10 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramatu rg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Dramatika r</li> <li>• Regissørar</li> <li>• Aktørar</li> </ul> <p>- Dei er med å lytte etter lydar i skogen/etter rev/ gir lyd</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 3</li> <li>• 4</li> </ul> <p>- Blir reven som kjem etter karakteren ved hjelp av lyd, og til ein viss grad med kroppane, men kjem ikkje inn i sjølv «spelromme t»</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul> <p>- Velje ut, men også styre/ fiske etter visse typar innspel.</p>
Del to: Andre hinder	rundt 4-5 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramatu rg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Aktørar</li> <li>• Dramatika r</li> <li>• Regissørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 4/6</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 4/ 6</li> </ul>
Del tre: Tredje hinder	Rundt 5 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramatu rg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Dramatika r</li> <li>• Regissørar</li> <li>• Aktørar</li> </ul> <p>- Hjelp til med å overvinne monsteret; gjev våpen, bæsje og angrip monsteret</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 4</li> <li>• 6</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6</li> </ul>
Del fire: Overvinne monsteret og finne skatten + utforske skatten. Avslutte forteljinga	rundt 5 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramatu rg</li> <li>• Pedagog</li> </ul> <p>- nemning av skjella</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Aktørar</li> </ul> <p>- dei finn skatten og utforskar denne.</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 4</li> <li>• 6</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6</li> <li>• (4 )</li> </ul>



Avslutning av økta	rundt 2-3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• (meg sjølv)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1</li> <li>• 2</li> </ul>
--------------------	---------------	--	---	---	--

17.09.210: Gruppe B: 9 born, 1 vaksen – Nærbilete: Pakking av sekken. Nedkjempe monstret

Kva / Oppbygging	Tid	EG (Guss)	BORNA (Guss)	BORNA (Hovik & Nagel)	BORNA (Hovik & Nagel)
Borna kjem	Rundt 3 min				
Intro: - Introduksjon Heli - Forteljarboks, sende rundt - Forteljarsteinar, dele ut, skrive namn på dei som ikkje har fått	rundt 5-6 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fasilitator</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 4? De i får sjå på boksen</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 3: gjev dei ei oppgåve i å finne naturmateriale</li> </ul>
Borna finne ting til boksen	1-2 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fasilitator</li> <li>• Dramaturg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Scenografar/rekvisitørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 4</li> <li>• 5</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 4</li> </ul>
Runde for å høyre kva borna legg i boksen og kva det skal vere	1-3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fasilitator</li> <li>• dramaturg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramatikarar</li> <li>• Regissørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5 (berre med ord)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 4</li> </ul>
FORTELJING -Bruke tinga i boksen og innspel frå borna til å	rundt 10 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Scenograf</li> </ul> <p>-nyttar tinga i boksen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramaturg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Regissørar</li> <li>• Dramatikarar</li> <li>• Scenografar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 4</li> </ul> <p>- Med på å byggje fella, utan at det vart vidare</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6</li> </ul>

lage ei forteljing		<ul style="list-style-type: none"> <li>• regisør</li> </ul>		leik av det	
Avsluttar økta -Takkar for forteljinga -Samlar inn steinar -Dei tar på sekkar og går	rundt 2-3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Meg sjølv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1</li> <li>• 2</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1</li> <li>• 2</li> </ul>

13.10.20 Gruppe A: 9 born, 2 vaksne (+ 1: Heli) – Nærbilete: Innsamling av ting til boksen. Dei kjem opp og hjelper med å byggje fella for monsteret.

Kva/ Oppbygging	Tid	EG (Guss)	BORNA (Guss)	BORNA (Hovik & Nagel)	EG (Hovik & Nagel)
Oppstart - Velkommen - Vente på sensor + presentasjon av dei - Avklare dei vaksne i rommet si rolle - Introduser e det vi skal gjere	Rundt 4 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fasilitator</li> <li>• Pedagog</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodara</li> </ul> <p>- Dei utforskar også det eg har med av ting; skjell, steinar og stoff</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>•</li> </ul>	
Bygge rommet	Rundt 3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fasilitator</li> <li>• Scenograf</li> </ul> <p>- Hjelper borna med å ordne litt på stoff</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramatikar</li> </ul> <p>- Merkar meg rollene nokre av borna kjem med til å nytte seinare</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Improvisatør</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Scenografar</li> <li>• Dramatikarar</li> </ul> <p>- Nokre gjev roller til seg sjølve (hai, havfrue)</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Startar med 5 går over til</li> <li>• 6</li> </ul> <p>- Dei startar å leike medan vi bygger rommet</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Startar med 5, går over til</li> <li>• 6</li> </ul> <p>- Plukker opp det som borna kjem med undervegs</p>
Borna lagar til ein skatt	Rundt 2-3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Fasilitator</li> </ul> <p>Eg hentar forteljarboksen og ber dei fylle boksen med ein skatt</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Scenografar/ Rekvisitørar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5</li> </ul>
Dele ut steinar	Under - kant av 1 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pedagog?</li> </ul>			
Forteljinga vert skapt - Prøver å lage eit narrativ til	Rundt 10 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Pedagog</li> <li>• Improvisatør</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktørar</li> <li>• Dramatikarar</li> </ul> <p>- Gjev roller til seg sjølve</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 6</li> <li>• 5</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 6</li> <li>• 5</li> </ul>

borna sin leik - ferdig når vi er framme		<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramatikar</li> <li>- Prøvar å gje leiken eit narrativ</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Musikarar ?</li> <li>- er med og lagar storm med vassflasker</li> </ul>		
Avsluttar økta - Gjenfortel det som skjedde - Samlar steinane igjen - dei hjelp til med å rydde litt -Får med seg ein ting heim	Rundt 5 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Pedagog</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodara</li> <li>• Crew</li> <li>- Hjelp til med å rydde litt etter vi er ferdige</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>- Hjelp meg med å gjenfortelje det vi har gjort</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1</li> <li>• 2</li> </ul>

10.12.20 Gruppe B: 8 born, 2 vaksne (+3: sensorar og Heli) – Nærbilete: Bygginga av båten.

Kva / oppbygging	Tid	EG (Guss)	BORNA (Guss)	BORNA (Hovlik & Nagel)	EG (Holvik & Nagel)
Oppstart: - Velkommen - Presentasjon sensorar og H - Presentere rommet	Rundt 2-3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Scenograf (i forkant av at dei kjem)</li> <li>• Dramaturg</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> <li>• Dramatikarar</li> <li>- Definerer kva rommet/scenografien eg har laga til er: ein fisk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1</li> <li>• 2</li> <li>- innspel på kva scenografien er</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul>
Pynte fisken	Rundt 4 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramaturg</li> <li>• Pedagog</li> <li>• Scenograf</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Scenografar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 6</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5</li> </ul>
Meir info om fisken: - namn - Kvar bur den?	2-3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramaturg</li> <li>• Dramatikarar</li> <li>• Fasilitator</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramatikarar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> </ul>

Start forteljing - Fisken møter ein delfin	2-3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramaturg</li> <li>• Dramatikar</li> <li>• Improvisatør</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dramatikarar</li> <li>• Aktørar</li> </ul> - Dei viser korleis delfinen symjar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 2</li> <li>• 6</li> </ul>
Borna er fisken og delfinen Det kjem eit troll/monster	rundt 5-6 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Improvisatør</li> <li>• Dramaturg</li> <li>• Regissør</li> <li>• Pedagog</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktørar</li> </ul> - anten som fisk eller som monster/troll <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> </ul> - Nokre av borna valde å sjå på frå eit vaksenfang	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 5</li> <li>• 6</li> <li>• 3</li> </ul> - Dei om er tilskodarar kjem med tilrop: «TO!» på spørsmålet om kor mange fiskar som er igjen	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 6</li> </ul> - Prøvar å halde kontroll med monstersamling, gjentek samling tre gonger <ul style="list-style-type: none"> <li>- Avsluttar når stoffet på bordet dett av; fisken er blitt eit skjelett</li> </ul>
Avsluttar forteljinga - fisken er blitt eit skjelett - Trollet sovnar	rundt 3 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forteljar</li> <li>• Dramaturg</li> <li>• Regissør</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Scenografar</li> </ul> - Ordnar stoffet som held på å dette av bordet <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktørar</li> </ul> Trollet sovnar	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 6</li> <li>• 5</li> </ul>	6
Avsluttar økta - alle legg ein ting i boksen med eit minne frå dagen - alle får velje ein ting å ha med heim - Repeterer det vi har gjort	Rundt 4 min	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pedagog</li> <li>• Forteljar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktørar</li> </ul> - alle bidreg til å putte noko i boksen <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilskodarar</li> </ul> - når eg repeterar det som skjedde	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1</li> <li>• 2</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1?</li> </ul>

10.12.20 Gruppe A: 10 born, 1 vaksen (+3: sensorar og Heli) - Nærbilete: Når vi blir trollet

